



DET KONGELEGE FORNYINGS-,
ADMINISTRASJONS- OG KYRKJEDEPARTEMENTET

Meld. St. 5

(2011–2012)

Melding til Stortinget

Nordisk samarbeid





DET KONGELEGE FORNYINGS-,
ADMINISTRASJONS- OG KYRKJEDEPARTEMENTET

Meld. St. 5

(2011–2012)

Melding til Stortinget

Nordisk samarbeid

Innhald

1	Innleiing	5	5	Fagleg samarbeid	22
1.1	Norsk formannskap i Nordisk ministerråd	5	5.1	Kultur	22
			5.2	Utdanning og forskning, inklusive IT	23
2	Aktuelle saker	7	5.3	Miljø, inkl. tverrfagleg samarbeid	24
2.1	Globalisering	7	5.4	Nærings-, energi- og regional-politikk	25
2.2	Grøn vekst	7	5.5	Fiskeri og fangst	28
2.3	Grensehinder	8	5.6	Jord- og skogbruk	29
2.4	Organisering av det nordiske samarbeidet	9	5.7	Økonomi- og finanspolitikk	30
			5.8	Sosial og helse, inkl. narkotika	31
3	Nordens naboar	10	5.9	Arbeidsmarknad og arbeidsmiljø	34
3.1	Nordisk ministerråd og samarbeidet med Nordens naboar	10	5.10	Ernæring og mattryggleik	34
3.2	Den nordlege dimensjonen	12	5.11	Likestilling	35
3.3	Austersjørådet	13	5.12	Justissektoren	36
3.4	Barentsrådet	14	5.13	Flyktningar og migrasjon	37
3.5	Arktisk råd	15	5.14	Administrasjon og forvaltning	38
3.6	Nordisk samarbeid om europeiske spørsmål	16	5.15	Barn og ungdom	39
			5.16	Frivillig sektor	39
			5.17	Forbrukarpolitikk	39
			5.18	Samferdsel	39
4	Utanriks-, forsvars- og utviklingspolitisk samarbeid ...	17	5.19	Samar og nasjonale minoritetar	40
4.1	Det utanrikspolitiske samarbeidet. Oppfølging av Stoltenberg-rapporten	17			
4.2	Utanrikshandel	19	Vedlegg		
4.3	Forsvar	19	1	Samanstilling av budsjetta for 2012 og 2011	42
4.4	Utviklingssamarbeid	21	2	Nordisk samarbeid. Nettstader	43
			3	Forkortingsregister	44



DET KONGELEGE FORNYINGS-,
ADMINISTRASJONS- OG KYRKJEDEPARTEMENTET

Meld. St. 5

(2011–2012)

Melding til Stortinget

Nordisk samarbeid

*Tilråding frå Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet 21. oktober 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Norden som region har lange tradisjonar for å samarbeide over nasjonale grenser. Regjeringa prioriterer dette samarbeidet. Utfordringane som følgjer av globaliseringa og den aktuelle situasjonen i internasjonal økonomi, krev at det vert lagt større vekt på å tilpasse og fornye seg i ei verd i kontinuerleg endring. Dei nordiske landa med sitt kultur- og språkfelleskap har eit godt grunnlag for å møte desse utfordringane saman.

Globalisering inneber mellom anna auka mobilitet, internasjonal utveksling av kunnskap, informasjon, kompetanse og idear og tilnærma fri flyt av varer, tenester og kapital over landegrensene. Den teknologiske utviklinga gjer geografisk avstand mindre viktig og endrar måten vi arbeider og samarbeider på. Det er sett i verk tiltak for å effektivisere det nordiske samarbeidet, styrkje dei politiske prioriteringane og forenkle budsjettstrukturen. Dette arbeidet vil halde fram i 2012 under den norske formannskapen.

1.1 Norsk formannskap i Nordisk ministerråd

Noreg har formannskapen i Nordisk ministerråd i 2012. Hovudtema er velferdsstaten i eit nordisk perspektiv, og vi vil fokusere på felles utfordringar som dei ulike nordiske landa står overfor. Samtidig vil vi identifisere område der samarbeidet kan utvidast.

Dei nordiske velferdsstatane er ein modell til inspirasjon for mange andre land. Det er særleg den høge graden av velferd og likskap kombinert med sterk konkurranseevne og omstillingskraft som har vist sin styrke i ei stadig meir globalisert verd. Derfor er det viktig at det nordiske samarbeidet utviklar og sikrar denne modellen for framtida, slik at landa står best mogleg rusta til å møte hovudutfordringane i vår tid.

Ein berekraftig velferdsstat er m.a. knytt til økonomisk, sosial og miljømessig utvikling og står overfor store utfordringar i åra som kjem, som fylgje av mellom anna demografiske endringar, globalisering med aukande konkurranse og migrasjon og konsekvensar av klimaendringar.

Utviklinga i verdsøkonomien er framleis eit usikkerheitsmoment.

Noreg vil i formannskapsåret følgje opp tidlegare års sterke nordiske satsing på kunnskapsbasert og grøn økonomisk vekst i eit globalt perspektiv med sikte på å auke innovasjonsevna i Norden. Det er viktig å vidareføre arbeidet med å sikre inkluderande arbeidsliv, gode sosiale sikringsordningar og likskap i helse for befolkninga i dei nordiske landa, og særleg sikre at ungdom inkluderast i arbeidsliv og samfunn. Utviklinga av dei nordiske velferdsstatane er òg avhengig av samarbeidet med partane i arbeidslivet som fremjar fellesskapsløysingar med brei aksept i samfunnslivet. Brei deltaking og inkludering i samfunns- og arbeidslivsliv er den beste måten å sikre verdiskaping og velferd på.

For Noreg er Norden, nabolanda til Norden og nordområda eit naturleg utgangspunkt for viktige prioriteringar i utanrikspolitikken. Det er positivt for landa i Norden at aktiviteten over grensene har auka. Det skaper nye utsikter for næringslivet, både på arbeidstakar- og arbeidsgjevarsida. Det same gjeld for studentar og for kulturarbeidarar. Samtidig stiller det større krav til innsatsen for å løyse grensehinder slik at mobiliteten over gren-

sene vert så problemfri som mogleg. Dette arbeidet vil bli høgt prioritert under den norske formannskapen. Frivillige foreiningar som Nordenforeiningane er med på å gje dette fellesskapet eit breiare og meir mangfaldig fundament.

Nordisk ministerråd legg stor vekt på samarbeidet med nabolanda til Norden. Det er òg utvikla eit nært samarbeid med andre regionale råd, som Barentsrådet, Austersjørådet og Arktisk råd. Den nordlege dimensjonen er eit viktig forum for eit sterkare nordisk samarbeid med Nordvest-Russland.

Innhald

Meldinga orienterer i kapittel 2 om aktuelle saker i det nordiske samarbeidet. Globalisering, grensehinder og grøn vekst er hovudsaker. Kapittel 3 omhandlar samarbeidet med nabolanda og dei andre regionale råda, kapittel 4 orienterer om nordisk utanriks-, forsvars- og utviklingspolitisk samarbeid. Kapittel 5 omtaler det faglege samarbeidet.

Den norske delegasjonen til Nordisk råd utarbeider ein eigen rapport som eit separat dokument.

2 Aktuelle saker

2.1 Globalisering

Dei nordiske statsministrane lanserte globaliseringsinitiativet i Punkaharju i 2007. Initiativet kom i stand som ein reaksjon på globaliseringa og dei utfordringane ho fører med seg i form av aukande konkurranse og migrasjon, og på konsekvensane av klimaendringane. Initiativet har vore med og gjort NMR betre i stand til å møte globaliseringsutfordringane. Det har òg medverka til eit tettare samarbeid mellom dei ulike fagministerråda i NMR. Globaliseringsforumet for statsministrane skal haldast i København i oktober med grøn vekst som hovudtema.

For samarbeidsministrane (MR-SAM) har det overordna globaliseringsinitiativet vore viktig, ikkje minst som eit instrument til hjelp for å gjennomføre nødvendige prioriteringar i verksemda. Med den vanskelege økonomiske situasjonen mange europeiske land enno opplever, trengst det politisk solidaritet i Norden. Dei nordiske regjeringane kan gjennom sterk felles innsats støtte næringslivet og utvide dei nordiske heimemarknadene, auke flyten av kunnskap og styrkje konkurranseevna til regionen på lang sikt. Ikkje minst innanfor grøn teknologi er det både globale utfordringar og moglegheiter for Norden.

Samarbeidsministrane har ansvaret for det daglege arbeidet, medan generalsekretæren i Nordisk ministerråd skal koordinere og førebu den konkrete innsatsen.

Det første *toppforskningsinitiativet (TFI) innanfor klima, energi og miljø* er så langt det største felles forskningsinitiativet i Nordisk ministerråd, og det byggjer på felles nordiske prioriteringar og finansiering. TFI vert avslutta i 2013. Under den norske formannskapet i 2012 er det ein ambisjon å styrkje Norden som region i forskning og innovasjon og å vurdere korleis grøn vekst kan bli ein tydelegare og meir integrert del av satsinga. TFI er nærmare omtalt i kapittel 5.2.

Gjennom globaliseringsstrategien til kulturministrane – *Det kreative Norden* – er nordisk kultur blitt presentert på større internasjonale arenaer dei tre siste åra. I 2009 vart nordisk film presen-

tert på filmfestivalen i Toronto, i 2010 følgde arkitektur på Expo i Shanghai, og i 2011 var turen kommen til nordisk litteratur på bokmessa i Paris. Nordisk ministerråds institusjonar på kultur- og medieområdet bidreg òg til å gjennomføre globaliseringsstrategien. Denne satsinga synte at det nordiske kultursamarbeidet både har konkret kunstnarisk verdi og kan vekke internasjonal merksemd og interesse.

2.2 Grøn vekst

Dei nordiske statsministrane sette i gang eit globaliseringsinitiativ i 2009 der grøn økonomisk vekst er eit viktig element. På globaliseringsforumet sitt i mai 2010 sette dei ned ei arbeidsgruppe som skulle peike ut område og sektorar innan grøn vekst der ein felles nordisk innsats kan skape meirverdi og utgjere framtidige prioriteringar i det nordiske globaliseringssamarbeidet. Det var ønske om to–tre konkrete nordiske initiativ innan grøn vekst som kan skape resultat på kort sikt, og to–tre felles nordiske strategiske innsatsområde med langsiktig perspektiv. Måtar ein kan kople den nordiske innsatsen innan grøn vekst til eksisterande nasjonale, europeiske og globale avgjerder og finansieringskjelder på, er eit anna aktuelt område.

Arbeidsgruppa la fram sin rapport i mai 2011. Det blir foreslått at statsministrane skal gje ansvarlege nordiske ministrar oppdrag på åtte ulike innsatsområde: nordisk samarbeid om 1) testsenter for grøn energiteknologi, 2) utdanning og forskning for grøn vekst, 3) fleksible løysingar på den nordiske el-marknaden, 4) grøne tekniske normer og standardar for bygningar og ulike produkttypar, 5) grøne offentlege innkjøp, 6) teknikkar og metodar for avfallsbehandling, 7) integrasjon av miljø i utviklingssamarbeidet og 8) samordna og forsterka finansiering av grøne investeringar og føretak. Rapporten frå arbeidsgruppa skal diskuterast under globaliseringsforumet for statsministrane i oktober.

2.3 Grensehinder

I samarbeidet mellom dei nordiske landa for å møte utfordringane frå den internasjonale globaliseringa står innsatsen mot grensehinder sentralt. Samarbeidsministeren har i møte med den politiske leiinga i departementa understreka det ansvaret fagdepartementa har både for å bidra til å fjerne eksisterande grensehinder og for å unngå at det utilsikta oppstår nye. Dette er ei oppfølging av brevet som i 2008 vart sendt frå justisministeren og ministeren for nordisk samarbeid til regjeringsskollegaer. Samarbeidsministeren vil følgje opp dette i regelmessige møte med departementa under den norske formannskapen, fordi det krev politisk merksemd om ein skal løyse mange av dei ofte kompliserte sakene.

Arbeidet med å fjerne grensehinder mellom dei nordiske landa står sentralt. Samtidig er det svært viktig å unngå at nye grensehinder oppstår gjennom nasjonal lovgjeving eller ved implementering av EU-direktiv. I november 2010 vart det under den danske formannskapen halde eit lovgjevingsseminar i København for nordiske saksbehandlarar på lovgjevingsfeltet. Dette vart svært godt motteke, og det skal haldast ein oppfølgingskonferanse i Stockholm i november i år. Under den norske formannskapen i 2012 vert det òg vurdert om ei slik samling kan vere nyttig.

Fullstendig nedbygging av grensehinder er verken realistisk eller ønskeleg sidan dei nordiske landa har ulike lover og regelverk på mange område. Der hinder ikkje kan fjernast, kan ein søkje å få til størst mogleg grad av harmonisering. Nettopp derfor er slike seminar av stor verdi.

På same måten må det sørgjast for lett tilgjengeleg informasjon om dei relevante regelverka og om kvar ein kan få bistand. Formålet er å gjere kvardagen enklare for næringsverksemdar og for dei som vil studere og jobbe over landegrensene i Norden. *Hallo Norden*, som no er organisert under Nordisk ministerråds heimesider, har ei viktig rolle i informasjonsarbeidet, og det inngår i mandatet at det skal informere aktuelle interessantar om eksisterande grensehinder i Norden.

I Nordisk ministerråd er det vedteke at alle fagministerråd og embetskomitear skal ha grensehinder på saklista på alle møte. Også her er bakgrunnen at ein ønskjer å halde oppe merksemda om desse sakene, som må løysast av styresmakter på dei ulike fagområda og ofte i samarbeid mellom landa.

Grensehinderforum

Etter initiativ frå dei nordiske statsministrane etablerte samarbeidsministrane Grensehinderforum hausten 2007. Mandatet er no forlengt ut 2013. Forumet er sett saman av framståande representantar for landa og dei sjølvstyrte områda (Grønland, Færøyane og Åland). Grensehinderforum møtest med jamne mellomrom og arbeider sjølvstendig og uavhengig for å identifisere, prioritere og finne løysingar på hinder som kjem opp. Dei tek opp enkeltsaker med dei rette styresmakterne, på politisk nivå eller embetsnivå. Grensehinderforum legg stor vekt på arbeidet for å hindre at det oppstår nye grensehinder som følgje av nasjonal lovgjeving eller EU-direktiv. Det vert årleg rapportert til statsministrane om status for arbeidet.

Leiar av Grensehinderforum er den finske ambassadøren Ole Norrback, og norsk representant er tidlegare statsråd og nordisk samarbeidsminister Bjarne Mørk-Eidem. Sekretariatet i Nordisk ministerråd hjelper til med planlegging av møte og annan administrasjon av verksemda i forumet. Det er semje mellom landa om at arbeidet i forumet er svært godt og nødvendig. Det er oppretta ei eiga gruppe av kontaktpersonar i kvart departement som kan verke som Grensehinderforums direkte kontaktar i grensehinderspørsmål. Dette vil verke effektiviserande på arbeidet med grensehinder.

Ministerrådet for arbeid og ministerrådet for sosiale saker har under sine embetsmannskomitear sett ned eigne arbeidsgrupper som skal vurdere kva som skal gjerast vidare med noverande kjende hinder. Rapport frå arbeidsgruppene skal leggjast fram våren 2012. (Sjå meir om dette i punkt 5.9.)

Kunnskapsområdet

Grensehinder for høgare utdanning og forskning har lenge vore eit tema i det nordiske samarbeidet. Målet er eit velfungerande, grenselaust utdannings- og forskingsområde. Eit tiltak for å minske grensehinder har vore den nordiske avtalen om opptak. Avtalen sikrar utdanningssøkjande busette i eit anna nordisk land lik tilgang til offentleg høgare utdanning. Denne avtalen går ut i årsskiftet 2012/2013, og Noreg vil arbeide under sitt formannskap for at grensehinder knytt til høgare utdanning ytterlegare minkast.

I april 2011 blei det inngått avtale med nederlandske Center for Higher Education Policy Studies (CHEPS) om å utvikle eit klassifiseringssystem som kan måle norske høgare utdanningsinsti-

tusjonar mot kvarandre i kvalitet. Systemet vil bidra til å byggje ned grensehinder innanfor høgare utdanning.

Regionale saker

Samarbeid på tvers av dei nasjonale grensene og fjerning av grensehinder inngår som ein viktig del av alt det *regionalpolitiske nordiske samarbeidet*. Dette gjeld både i dei 13 nordiske grensekomiteane og i Interreg-samarbeidet. Ei arbeidsgruppe for grenseregional statistikk blei etablert våren 2011 med det til formål å sørge for langsiktig drift av ein grenseregional statistikkdatabase. Statistikk er viktig for å synleggjere mobiliteten mellom dei nordiske landa.

2.4 Organisering av det nordiske samarbeidet

Statsministrane

Statsministrane har det overordna ansvaret for det nordiske regjeringssamarbeidet og har regelmessige møte i tillegg til den kontinuerlege kontakten om nordiske og internasjonale spørsmål. Statsministrane møttest mellom anna i samband med Nordisk råds sesjon i Reykjavik i november 2010 og under globaliseringsforumet i Snekkersten i juni 2010. I samband med sesjonen var det òg møte med Nordisk råds presidium og med representantar for dei sjølvstyrte områda. Neste statsministtermøte blir i samband med Nordisk råds sesjon i København 1.–3. november 2011. Under sesjonen vil generalsekretæren i Nordisk ministerråd informere statsministrane om arbeidet i ministerrådet. Der informerer òg leiaren av Grensehinderforum statsministrane om verksemda og status for arbeidet med å avvikle grensehinder i Norden.

Samarbeidsministrane, budsjett og administrasjon

Samarbeidsministrane møttest fire gonger i året under den aktuelle formannskapen, som i 2011 er Finland. Fornyings-, administrasjons- og kyrkje-

minister Rigmor Aasrud har vore nordisk samarbeidsminister sidan oktober 2009. Ho skal leie møta mellom samarbeidsministrane under den norske formannskapen i 2012. Samarbeidsministeren legg stor vekt på å ha eit godt samarbeid med Nordisk råd.

Samarbeidsministrane koordinerer det nordiske regjeringssamarbeidet. Eit viktig ansvarsområde er ministerrådsbudsjettet og økonomistyringa. Budsjettet til Nordisk ministerråd for 2011 var på 935 millionar danske kroner og blei vedteke etter semje med Nordisk råd. Den norske delen er 29,0 prosent basert på ein fordelingsnøkkel som vert rekna ut med utgangspunkt i kor stor del av den samla nordiske bruttonasjonalinntekta kvart land står for. Det blir framleis forhandla om budsjettet. Budsjettet skal etter planen vedtakast av samarbeidsministrane tidleg i november 2011.

Globaliseringsinitiativa skal etter planen videreførast med 72,4 millionar danske kroner i 2012. Støtta til studentar frå Island for å sikre islandsk deltaking i nordiske møte skal vidareførast i 2012, men på eit lågare nivå.

Stillinga til dei sjølvstyrte områda i det nordiske samarbeidet

Ålandsdokumentet frå 2007 inneber at dei sjølvstyrte områda i visse samanhengar vert likestilte med dei nordiske landa når det gjeld arbeidet i Nordisk ministerråd. Helsingfors-avtalen vart ikkje endra, men vert tolka slik at sjølvstyre, landsstyre og landskapsregjering, innanfor ramma av den kompetansen dei har, får rett til å vere adressatar for og kan svare på tilrådingar og spørsmål frå Nordisk råd. Dei sjølvstyrte områda kan leie ministermøte, embetsmannskomitear og arbeidsgrupper. Under den finske formannskapen vert fleire møte lagde til Åland. Ålandsdokumentet gjev dei sjølvstyrte områda rett til å søkje om full medlemskap i nordiske institusjonar og samarbeidsorgan dersom området har ei «særskild og påviseleg interesse» for institusjonen. Sjølvstyreområda har meldt inn kva institusjonar dei er spesielt interesserte i å delta i med røysterett, og dette vert vurdert i dei enkelte ministerråda.

3 Nordens naboar

3.1 Nordisk ministerråd og samarbeidet med Nordens naboar

Nordisk ministerråds nabolandspolitikk omfattar samarbeidet med Nordvest-Russland, Estland, Latvia og Litauen. I tillegg kjem dei regionale råda Barentsrådet, Austersjørådet og Arktisk råd. Samarbeidet omfattar dessutan innsats overfor Kviterussland. Formålet er å styrkje dialogen mellom dei nordiske landa og nabolanda og å konsentrere det til område der det nordiske samarbeidet kan gje meirverdi og betre samordning av nasjonale aktivitetar. Frå norsk side legg vi stor vekt på styrkt samarbeid og dialog mellom Nordisk ministerråd og Nordvest-Russland. Russlandssamarbeidet er tett knytt til EUs politikk og støttar opp om Den nordlege dimensjonen, der ministerrådet er partner. Nordisk ministerråd deltek aktivt i partnerskapen for helse og livskvalitet og støttar partnerskapen for miljø.

På områda lokalforvaltning, kamp mot menneskehandel og utvikling av sosialvesen, helsevesen og frivillige organisasjonar er det etablert prosjekt der samarbeidet er basert på retningslinjene som samarbeidsministrane har godkjent for perioden 2009–2013. Dei nordiske landa støttar ei demokratisk utvikling i Kviterussland. Nordisk ministerråd samarbeider aktivt med EU om støtte gjennom eksiluniversitetet European Humanities University (EHU) for kviterussiske studentar i Vilnius. Det er etablert eit internasjonalt fond for EHU for å sikre koordinering av støtta og for å trekkje til seg fleire gjevarar. I ministerrådet blir fondet administrert i nært samarbeid med EHU. Ministerrådet forvaltar i tillegg eit stipendprogram for unge kviterussarar og samarbeider med EU om å gjennomføre eit prosjekt til støtte for sivilsamfunnet.

Nordisk-baltisk mobilitetsprogram på næringsområdet

Nordisk ministerråd og regjeringane i Estland, Latvia og Litauen vedtok 20. januar 2009 å etablere det nordisk-baltiske mobilitetsprogrammet på områda offentleg administrasjon, næringsverk-

semd og kultur. Målsetjinga er å styrkje det politiske samarbeidet mellom dei åtte landa og bidra til å fremje utvikling av ein konkurransedyktig Austersjøregion i desse tre sektorane.

På næringsområdet får søkjarar finansiell støtte til aktivitetar som studiebesøk, vikariat i bedrifter og nettverksbygging. I 2010 blei det gjeve i overkant av DKK 2 millionar til femti ulike prosjekt knytte til mellom anna etablering av næringsklynger i regionen, teknologioverføring, kunnskapsoverføring, forskning og innovasjon. Prioriteringsområde for mobilitetsprogrammet i 2011 er grøn teknologi, innovasjon i helsesektoren, entreprenørskap og utvikling av næringsinkubatorar og næringsklynger.

Styringsgruppa er samansett av medlemmer av embetsmannskomiteen for næring i Nordisk ministerråd og representantar for dei baltiske landa som relevante styresmakter i kvart land utnemner. Kontoret til Nordisk ministerråd i Riga tek hand om sekretariatsfunksjonen. Formannskapet i styringsgruppa roterer på årsbasis. Noreg hadde formannskapet i 2010.

Helse- og sossalsamarbeidet med Russland og dei baltiske landa

I samspel med landa og andre regionale råd spelar Nordisk ministerråd ei aktiv rolle i helse- og sossalsamarbeidet i nærområda til Norden. Samarbeidet i sektoren har stor interesse, mellom anna på grunn av dei store skilnadene i regionen. Helse-situasjonen i dei baltiske landa, og særleg i Russland, er vesentleg verre enn i Norden. Det er langt høgare førekomst av smittsame sjukdommar som tuberkulose og hiv/aids, og livsstilsrelaterte sjukdommar er mykje meir utbreidde. Ein viktig faktor på det siste punktet er høgt alkoholforbruk.

Nordisk ministerråd er med i partnerskapen for helse og livskvalitet i Den nordlege dimensjonen (The Northern Dimension Partnership in Public Health and Social Wellbeing – NDPHS). Både Noreg og ministerrådet tek aktivt del i arbeidet i partnerskapen og partnerskapen sine ekspertgrupper. Noreg leier arbeidet i ekspertgruppa for alkohol, narkotika og tobakk, med

Russland som nestleiar. Nordisk ministerråd har særleg retta innsatsen mot utsette barn og unge og urfolks helse.

Ein annan viktig samarbeidsstruktur er Barentsrådets arbeidsgruppe for helse og sosiale saker, der ministerrådet òg er medlem. Denne arbeidsgruppa for nasjonale og regionale representantar er òg open for urfolksrepresentasjon. Ved sida av å koordinere bilateral innsats gjenomfører arbeidsgruppa eit program mot hiv/aids. I 2009 blei det sett i verk tiltak for utsette barn og unge, og i 2011 starta ei satsing mot tuberkulose og multiresistent tuberkulose. Eit nytt helse- og sosialprogram for Barentsregionen som er under utarbeiding, skal vere klart når Noreg tek over formannskapet i arbeidsgruppa frå 2012 saman med ein russisk region.

Kultur

I 2009 blei det opna for at dei baltiske landa kunne delta i det nordiske mobilitetsprogrammet for kultur. Den inneverande programperioden går ut i 2011. Programmet er blitt evaluert, og konklusjonen er klar: Programmet spelar ei viktig rolle i det nordisk-baltiske samarbeidet. På eit nordisk-baltisk kulturministermøte i april i Åbo blei programmet utvida til perioden 2012–2014.

NORA (Nordisk Atlantsamarbeid)

NORA er ein grenseregional komité under Nordisk ministerråds regionalpolitiske samarbeidsprogram som fungerer som eit mellomstatleg samarbeid, og der Færøyane, Grønland, Island og Kyst-Noreg er deltakarar.

OECD har på oppdrag frå NORA analysert moglegheiter og utfordringar i samband med utvikling av regionen og kva rolle det nordiske samarbeidet kan spele i denne samanhengen. Rapporten *OECD Territorial Review of the NORA Region* blei presentert 5. april 2011. Rapporten tek utgangspunkt i fellestrekk og utfordringar i regionen. OECD anbefalar at NORA-området målrettar samarbeidet og etablerer ein regional utviklingsstrategi, vidareutviklar effektiviteten og arbeider for større medvit om fordelane ved samarbeidet.

NORA starta i mai 2011 arbeidet med eit treår-ig strategiprogram som skal følgjast opp med årlege arbeidsplanar. Dette med utgangspunkt i OECD-analysen og retningslinjene for samarbeidet mellom Nordisk ministerråd og dei vestlege naboane til Norden. Strategien skal styrkje område der regionen allereie har kunnskap, til dømes

fiskeri og marine ressursar. Det blir òg fokusert på innovasjon, infrastruktur, styrkt kontakt med Canada og Skottland, informasjonstiltak for å spreie informasjon om regionen og utveksling av eksempel på «best practices». Island har leidd NORA-komiteen i 2010–2011. Noreg overtok formannskapet for perioden 2011–2012.

Barents European Arctic Transport Area (BEATA)

Under den finske formannskapet ble det lagt stor vekt på å konkretisere arbeidet gjennom deltaking i Interreg-prosjektet «Sustainable Transport in the Barents Region». Norrbottens län var leiar av prosjektet, og både nasjonale og regionale transportmyndigheiter deltok som partnarar. Gjennom prosjektet blei det utarbeidd ei rekkje studiar og analysar av transportinfrastrukturen og transportstraumane i Barentsregionen. Frå norsk side er det gjennom Nasjonal transportplan 2010–2019 teke initiativ til å ei utgreiing av transportsystemet i nordområda som skal omfatte dei fire landa.

Noreg overtek formannskapet i oktober 2011 for dei to neste åra. Under den føregåande svenske formannskapet har det vore arrangert eitt møte i BEATA.

Programmet for transeuropeiske transportnettverk (TEN-T)

I september 2009 leverte dei nordiske og baltiske transportministrane ei felles fråsegn om revisjon av EU-programmet for utbygging av transeuropeiske transportnettverk (TEN-T). I fråsegna blir det m.a. peikt på kor viktig det er for land med store geografiske avstandar å ha god tilgang til marknadene, at det må leggjast stor vekt på samanheng mellom hovudårene, og at TEN-T-nettverket bør utvidast til naboland.

I september 2010 leverte dei nordiske og baltiske transportministrane ei ny felleserklæring om EUs forslag til innretninga på ein ny politikk for nettverket.

Nordområda

Transportetatane har fått i oppdrag å lage ei utgreiing om behovet for transportinfrastruktur i nordområda i eit trettiårsperspektiv. Dette er ei oppfølging av nordområdestrategien til regjeringa, «Nye byggesteiner», og St.meld. nr. 16 (2008–2009) Nasjonal transportplan 2010–2019. Utgreiinga var ferdig i juni 2011 og er ein del av det faglege grunnlaget for transportetatane i arbeidet med Nasjonal transportplan 2014–2023,

på linje med andre utgreiingar som er utarbeidde i utgreiingsfasen.

Samarbeidet med nabolanda våre, og deira behov og prioriteringar, betyr mykje også for utviklinga av transportsystemet på norsk side. For å sjå nasjonale og internasjonale behov og optimalisere moglegheitene er nær kontakt med myndigheter og transportbrukarar i desse landa nødvendig i det vidare arbeidet. I alle tre nabolanda er det utvikla strategiar eller konkrete planar for satsing i transportsektoren i nord.

Svensk-norsk samarbeid for elektrifisering av vegtransport

I 2009 sette den norske og den svenske regjeringa ned ei felles arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å leggje til rette for felles ladeinfrastruktur for ladbare bilar i Noreg og Sverige. Arbeidsgruppa består av svenske og norske etatar som Vegdirektoratet med Transnova, NVE, DSB, Trafikkverket, Transportstyrelsen, Energimarknadsinspektionen og Energimyndigheten. Arbeidsgruppa arbeider mellom anna med felles skilting/merking av ladepunkt, overvaking av teknologiutvikling, standardiserings- og tryggleiksspørsmål og felles utrulling av ladepunkt.

Beredskap

Det går føre seg eit nordisk samarbeid om beredskap og krisehandtering på området veg og vegtransport. Sverige, Finland, Færøyane og Noreg er med. Det blir arrangert ein serie fellesøvingar, «Bordercrossing», mellom Statens vegvesen og det svenske Trafikkverket. Desse dekkjer heile riksgrensa frå Østfold til Finnmark.

Luftfart

Under det nordisk-baltiske transportministtermøtet i Vilnius i september 2010 skreiv representantane for Danmark, Estland, Finland, Island, Latvia, Noreg og Sverige under ei erklæring, «Statement from the NEFAB (North European Functional Airspace Block) states on the occasion of the NSA (National Supervisory Authority) opinion on the NEFAB». Erklæringa handlar om arbeidet med å førebu den nordisk-baltiske luftromsbløkk. Med erklæringa stadfestar deltakarane si støtte til initiativet og ber om at arbeidet må bli vidareført.

North European Functional Airspace Block (NEFAB)

Lovgjevingspakken Single European Sky II medfører at det blir fastsett felleseuropeiske ytingskrav til utøvarar av flysikrings- og lufttrafikktenester. Det vil primært dreie seg om krav til tryggleik, kostnadseffektivitet, kapasitet og miljøeffektar. Eit verktøy som bidreg til å oppfylle desse ytingskrava, er funksjonelle luftromsbløkker, som inneber grenseoverskridande samling av luftrommet over fleire land. Etablering av slike luftromsbløkker er eit krav i den nemnde lovgjevingspakken.

3.2 Den nordlege dimensjonen

Den nye nordlege dimensjonen vart oppretta under den finske EU-formannskapet i november 2006 i Helsingfors. Då vart det undertekna ei politisk fråsegn og eit politisk rammedokument. EU, Russland, Island og Noreg er likeverdige partnarar, medan dei fire regionale samarbeidsorganisasjonane og IFI (internasjonale finansieringsinstitusjonar) er deltakarar. Den nordlege dimensjonen (ND) skal òg vere det regionale uttrykket for dei fire samarbeidsromma mellom EU og Russland. Noreg og Island er fullt inkluderte. På EU-sida er det særleg dei nordiske og baltiske landa, med Finland i førarsetet, som er mest aktive. Den nordlege dimensjonen er eit regionalt samarbeid som utviklar seg særskild dynamisk gjennom konkrete prosjekt med samfinansiering og stønad frå IFI.

Noreg var vert for det andre ministtermøtet i Den nordlege dimensjonen 2. november i fjor. Det viste at samarbeidet har utvikla seg mykje, og at viktige prosjekt vert gjennomførte i dei to partnarskapane for miljø (NDEP) og for helse og livskvalitet (NDPHS). Samarbeidet med internasjonale finansieringsinstitusjonar (IFI) har barga for suksessen i miljøpartnarskapen NDEP, der strukturfondet, som no er på 308 millionar euro, har generert prosjekt til ein verdi av godt over 3 milliardar euro. NDEP har vore i drift i 10 år og har fått utvida mandat til 2017. Noreg vil gjere meir bruk av og gje nye løyvingar til prosjekt som gjeld automtryggleik i NDEP. Dei nye partnarskapane er lovande, både kulturpartnarskapen (NDPC) og partnarskapen for transport og logistikk (NDPTL). Noreg er formann for NDPTL i år, medan Russland har ansvar for å arrangere eit høgnivåmøte. På norsk hald er ein særleg oppteken av å utvikle NDPTL (transport- og logistikkpartnarskapen), som passar godt til vår generelle

satsing på næringsutvikling, transport og logistikk i nordområda. Det vert arbeidd med konkrete satsingsforslag. Sekretariatet ved Nordic Investment Bank (NIB) i Helsinki er i funksjon. Noreg legg vekt på det maritime aspektet og utvikling av aust-vest-trafikken.

Kulturpartnerskapen NDPC har fått sekretariat i København med russisk leiar, og det er von om at det legale grunnlaget for sekretariatet for helsepartnerskapen (NDPHS) i Stockholm også snart er på plass. Næringsrådet (ND Business Council) hadde møte i St. Petersburg 2. februar. Initiativtakarar er russiske Severstal og finske Fortum OY. Her er deltakarane sterke næringsaktørar i ni arbeidsgrupper. Statoil og Lukoil leier energi arbeidsgruppa. NDPC var med under det økonomiske forumet i St. Petersburg i juni i år, og NDBC deltek også på høgt nivå i dei allmenne diskusjonane mellom Russland og EU. Det andre parlamentarikarforumet i ND vart halde i Tromsø 22. og 23. februar i år med svært god og brei deltaking.

Interreg

Interreg er EU-programmet som skal fremje sosial og økonomisk integrasjon over landegrensene gjennom regionalt samarbeid. Programmet er godt innarbeidd i det norske og det nordiske regionale utviklingsarbeidet. Noreg har delteke i samarbeidet sidan 1996. Den inneverande programperioden strekkjer seg frå 2007 til 2013. Noreg deltek i 11 program i tre ulike kategoriar: fire grenseregionale program langs grensa til Finland, Sverige og Danmark (Nord, Botnia–Atlantica, Sverige–Noreg og Øresund–Kattegat–Skagerrak), tre transnasjonale program (Austersjøen, Nordsjøen og den nordlege periferien) og fire all-europeiske program (ESPON, Interact, Interreg IV C og URBACT II). I tillegg deltek Noreg i eit grenseregionalt samarbeid med Russland innanfor ramma av EUs nabo- og partnerskapsinitiativ (ENPI).

Per i dag deltek norske partnerar i meir enn 340 prosjekt, dei aller fleste med partnerar frå dei nordiske landa. Norske aktørar deltek i prosjekt som speglar viktige samfunnsutfordringar i kvar region, som utkant- og avstandsproblem, tilgang til tenestetilbod i småsamfunn, eit meir effektivt transportsystem, tilgang til informasjonssamfunnet for innbyggjarane og utfordringar for små og mellomstore bedrifter. Dei fleste prosjekta er knytte til attraktivitet og næringsutvikling og til innovasjon, kompetanseutvikling og klima/miljø.

Deltakarane er i all hovudsak offentlege aktørar som fylkeskommunar, kommunar, statlege og regionale etatar, høghskular/universitet o.a. Ei nyleg framlagd vurdering av Interreg viser at norske aktørar får erfaring med deltaking i større prosjekt, noko som er med på å styrkje strategisk tenking og handlemåte. Mange prosjekt fører til nye politiske strategiar for regional utvikling. Interreg har medverka til nye arbeidsformer (som administrative rutinar, målstyring), nye samarbeid (partnerskapar) og læring om nye verkemiddel.

Arbeidet med å førebu programperioden 2014–2020 for Interreg har teke til. Ei nordisk regionalpolitisk arbeidsgruppe er sett ned for å følgje opp dette arbeidet med sikte på å sikre den nordiske nytteverdien i framtidige program, mellom anna gje fortløpande innspel til EU-kommisjonen, og førebu utviklinga av nye program for neste periode. Dei nye forordningane er venta vedtekne hausten 2012.

3.3 Austersjørådet

Noreg har hatt formannskapet i Austersjørådet i perioden juli 2010 til juli 2011. Formannskapet følgjer ein avtalt rotasjon mellom dei elleve medlemslanda.

Noreg har under sin formannskap hatt to særskilde operative prioriteringar: maritim politikk og kamp mot menneskehandel. Dette er viktige saksfelt med mange utfordringar som også den parlamentariske samanslutninga for regionen har prioritert. Det er oppnådd mange konkrete resultat på dei to områda i formannskapsperioden. Innanfor maritim politikk har særleg overgang til meir miljøvennleg drivstoff for skip som trafikkerer Austersjøen, stått sentralt. Det er no aukande forståing i regionen for at flytande gass, LNG, er eit slikt miljøvennleg alternativ, og utfordringa framover blir å etablere ein brei infrastruktur for bunkring av LNG i regionen. Menneskehandel er dessverre eit aukande problem. Austersjørådet har lang erfaring med dette, og den norske formannskapet har hatt menneskehandel i alle former som ei av sine prioriteringar, med vekt på den tiltakande menneskehandelen i arbeidsmarknaden. Den norske formannskapet har elles lagt vekt på å etablere nær kontakt med andre råd i regionen, først og fremst Nordisk ministerråd, med Den nordlege dimensjonen og partnerskapane der, og med strukturar som EUs strategi for Austersjøregionen. Austersjørådet har til mål å utvikle ein breiare prosjektportefølje, men er avhengig av andre for å realisere dette. Den norske formannskapet

har stilt seg open og gått aktivt inn for eit breitt samarbeid i regionen der ein byggjer på dei ordningane som alt er etablerte.

Formannskapet i Austersjørådet varer berre i eitt år, og på norsk side har ein derfor søkt å sjå fleire formannskapar i samanheng. Tyskland overtek etter Noreg, deretter kjem Russland. Tyskland og Russland har langt på veg samordna sine formannskapsprioriteringar, og dei særskilde norske prioriteringane blir førte vidare.

Den samarbeidsstrukturen som har utvikla seg i Austersjøregionen, vil mange meiner er blitt for komplisert, og faren for dobbeltarbeid og mangel på koordinering er til stades. Særleg når det skal etablerast nye partnarssamarbeid under Den nordlege dimensjonen, må ein organisasjon som Austersjørådet vere innstilt på å gjere endringar i sitt verkeområde og vere seg bevisst korleis han kan samarbeide med nye partnarssamarbeid til beste for regionen. Noreg har under sin formannskap peikt på desse framtidige utfordringane og argumentert for å møte dei med opne auge og vere innstilt på modifiseringar og endringar i både mandat og prioriterte arbeidsområde.

Regional planlegging og utvikling i Austersjøregionen (Vision and Strategies around the Baltic, VASAB)

Samarbeidet i VASAB har eksistert sidan 1992 og har frå 1994 vore følgt opp av eit eige sekretariat og ein embetsmannskomite (CSPD) med éin medlem frå kvart av dei deltakande landa. Formannskapet i VASAB roterer mellom medlemslanda og følgjer den same syklusen som formannskapet i Austersjørådet. Noreg har derfor hatt formannskapet frå 1. juli 2010 til 30. juni 2011. I denne perioden har ein òg vedteke å inngå eit meir formalisert nettverkssamarbeid med Austersjørådet.

CSPD arbeider i nær tilknytning til oppfølginga av EUs austersjøstrategi, spesielt med omsyn til prosjekt som vedgår tilgjengelegheit og berekraftig maritim planlegging. Det blei vedteke at eit prosjekt for å utvikle eit indikatorsystem til å overvake den regionale utviklinga i Austersjøregionen skulle setjast i gang i mars 2011.

3.4 Barentsrådet

Utviklinga i Barentssamarbeidet har heilt sidan starten i 1993 hatt to sentrale målsetjingar: å bidra til at Russland kan spele ei sterkare rolle i det europeiske samarbeidet, og å fremje berekraftig utvikling i Barentsregionen. Samarbeidet rettar

seg særleg mot Nordvest-Russland, som framleis har store utfordringar når det gjeld økonomisk og sosial utvikling, helse, miljøvern og ressursforvaltning, og der reformbehovet i mange samfunnsinstitusjonar er stort. Barentssamarbeidet omfattar fire samarbeidsnivå, på styresmaktsnivå og direkte mellom aktørar i regionen:

- regjeringssamarbeidet (Barentsrådet), der dei fem nordiske landa, Russland og EU-kommisjonen deltek
- det regionale styresmaktsamarbeidet (Barents regionråd)
- urfolkssamarbeidet
- direkte næringslivs-, kommune- og grasrot-samarbeid («folk til folk»)

Innanfor ramma av den årlege løyvinga frå Utanriksdepartementet gjev Det norske Barentssekretariatet i Kirkenes støtte til ei rekkje samarbeidsprosjekt på regionalt nivå i Barentsregionen. Det internasjonale Barentssekretariatet (IBS) er vel etablert og i god drift. IBS har gjort mykje for å støtte opp om arbeidet på alle nivå og sikre det internasjonale kontaktnettet. I 2009 sende Utanriksdepartementet og Sametinget i fellesskap ein urfolksmedarbeidar til det internasjonale Barentssekretariatet for ein toårsperiode og ønskjer på denne måten å bidra til å styrkje samarbeidet mellom urfolka i regionen.

I regi av Barentsrådet er det etablert ein komité som handsamar grenseoverskridande redningsfaglege spørsmål i Barentsregionen. Ein multilateral redningsavtale for Barentsregionen vart signert i Moskva 11. desember 2008. Noreg, Russland, Sverige og Finland er partar i avtalen. Formålet med avtalen er gjensidig bistand over landegrensene i krisesituasjonar og redningsoperasjonar. I september 2011 vart øvinga Barents Rescue halden i Nord-Sverige. Øvingsserien Barents Rescue vart gjennomført annakvart år innanfor ramma av Barentsrådet (BEAC – Barents Euro-Arctic Council). Det overordna målet for øvingsrekkeja har vore å forenkle og betre kommunikasjon, koordinering og samarbeid mellom land og sivil-militære einingar som kan bli involverte i kriser i Barentsregionen. Ansvaret for øvingane går på omgang mellom medlemslanda i Barentsrådet. Noreg har ansvar for øvinga i 2013.

Barentssamarbeidet. Norsk formannskap

Noreg tek over som formann i Barentsrådet for to år etter Sverige 14. oktober i år. På regionalt hald tek Norrbotten over etter Troms. I januar 2013 er det 20-årsjubileum for Kirkenesfråsegna og opp-

rettinga av Barentssamarbeidet. Noreg vil gjere framlegg om å utarbeide ei ny Kirkenesfråsegn som speglar nye realitetar, endringar og noverande og framtidige utfordringar. Det vil òg bli arbeidd for å få til eit toppmøte i jubileumsåret.

Samarbeidet fungerer godt, samarbeidsfeltet er breitt, og 16 arbeidsgrupper er i funksjon. Regionen og samarbeidet får stadig større internasjonal merksemd, særleg som potensiell ressursregion (mineral, metall, olje og gass). Blant utfordringane er å finansiere fellesprosjekt, å synleggjere samarbeidet og å utnytte dei fordelane Barentssamarbeidet har framfor andre regionale samarbeidsordningar, i tillegg til å sikre regional utvikling og deltaking i viktige avgjerdsprosessar.

Det er bra aktivitet på regionalt nivå, med m.a. fleire samarbeidsavtalar mellom fylke/oblastar. Ei hovudmålsetjing er å konsolidere og vidareutvikle det veletablerte folk-til-folk-samarbeidet og vidareføre arbeidet med å byggje ned hinder for samkvem og utvikling. Samtidig er det eit mål å integrere Barentsregionen endå tettare i europeisk og internasjonalt samarbeid og i globale prosessar som er under utvikling (klima, transport). Arbeidet med næringsutvikling må sjåast i samheng med utvikling av transport og logistikk i regionen.

For Noreg har tilhøvet til Russland vore heilt sentralt i utviklinga av Barentssamarbeidet. Det norske Barentssekretariatet har her vore ein viktig aktør for både regionale og nasjonale styresmakter. Vi vil bruke både det og Det internasjonale Barentssekretariatet aktivt i vår formannsperiode.

I formannsperioden vil Noreg kunne bruke den generelle nordområdesatsinga og Barents 2020 i Barents-samheng. Eit strategisk mål er å fremje Barentsregionen som ein innovativ og miljøansvarleg ressursregion. Norske prioriteringar blir

- berekraftig næringsutvikling med fokus på energi, mineral, transport og logistikk
- miljø- og klimavennleg utvikling basert på kunnskap
- den menneskelege dimensjonen, den regionale identiteten

3.5 Arktisk råd

Den danske formannskapet i Arktisk råd 2009–2011 vart avslutta med ministermøtet i Nuuk, Grønland, 12. mai 2011. Sverige har no overteke formannskapet. Canada skal overta etter Sverige.

Med den svenske formannskapet er vi inne i ein samanhengande seksårsperiode med nordiske formannskapar som tek slutt i 2013. Dei tre landa har samordna formannskapsprioriteringane sine.

Arktisk råd er blitt det viktigaste sirkumpolare samarbeidsorganet for drøfting av arktiske spørsmål dei siste åra. Årsaka er dels ein ambisiøs og aktiv norsk formannskap i perioden 2007–2009, etterfølgt av ein god dansk formannskap, men i første rekkje er utviklinga eit resultat av auka fokus på Arktis som følge av klimaendringane. Auka politisk merksemd og effektivisering av arbeidet i rådet har vore nokre av prioriteringane for den norske og den danske formannskapet. På ministermøtet i Nuuk vart det mellom anna vedteke kriterium for opptak av nye, faste observatørar, og at Arktisk råd skal ha det permanente sekretariatet sitt i Tromsø. Dette vil styrkje arbeidet i Arktisk råd og bidra til å markere Tromsø som eit kraftsentrum i norsk og internasjonal polar samanheng.

Klimaendring er eit hovudtema for arbeidet i Arktisk råd. I samband med ministermøtet i Arktisk råd vart det lagt fram nye rapportar om hovudelementa i arktisk klimaendring: at havisen trekkjer seg tilbake, Grønlandsisen smeltar, permafrosten/snødekket vert redusert, og at endringane har globale konsekvensar i form av sterkare temperaturauke og stigande havnivå. Konferansen la fram ny dokumentasjon på at partiklar (sot) og kortlevde klimagassar kan forklare mykje av temperaturauken i Arktis. Det vart oppretta ei arbeidsgruppe som skal komme med forslag til tiltak for å redusere slike utslepp.

Eit anna hovudfokus for arbeidet i rådet er konsekvensane det får for miljø og urfolk at havisen trekkjer seg tilbake, men òg dei perspektiva for auka menneskeleg aktivitet som opnar seg med dette. Den største utfordringa i Arktis for rådsmedlemmene er å finne balansen mellom vern og bruk av områda som kan bli liggjande opne når havisen har trekt seg tilbake. Arktisk råd samarbeider om m.a. status-/konsekvensanalysar av olje-/gassverksemd og skipsfart i Arktis, retningslinjer for petroleumsverksemd offshore, miljøvern og retningslinjer for heilskapleg ressursforvaltning.

Auka ressursutnytting og trafikk i arktiske farvatn gjer det nødvendig å vurdere oljesølbereidskapen i desse farvatna. Ministermøtet i Nuuk gav mandat til at det vert oppretta ei arbeidsgruppe for å forhandle fram ein avtale om oljesølbereidskap i Arktis. USA og Noreg var leiarar av arbeidsgruppa.

3.6 Nordisk samarbeid om europeiske spørsmål

Det er stor grad av nordisk semje i ei rekkje sentrale spørsmål som står på dagsordenen i EU. Dette gjeld m.a. sysselsetjing, demokrati, nærleik, openheit, likestilling, forbrukarvern og miljøvern. Sjølv om dei nordiske landa er knytte til EU på ulike måtar, knyter EØS-avtalen dei nordiske landa saman i ei felles marknadsramme. EØS-avtalen er dermed den viktigaste nordiske samarbeidsavtalen.

Det nordiske samarbeidet gjev ei viktig ramme for drøftingar av europeiske politiske spørsmål, og europaspørsmål er difor eit fast punkt på dagsordenen for nordiske og nordisk-baltiske ministtermøte. Noreg deltek òg med jamne mellomrom på nordiske eller nordisk-baltiske formøte før nokre av rådsmøta i EU. Dette gjeld særleg rådsmøte om miljø, energi og samferdsel.

Kontakten mellom dei nordiske hovudstadene, EU og dei nordiske EU-delegasjonane i Brussel er tett og god. Sett frå norsk side er det særleg viktig å sørgje for at europapolitiske saker med relevans for Noreg vert diskuterte i den nordiske kretsen på eit tidleg tidspunkt. Dette gjeld særleg EØS-relevante spørsmål. Slik kan Noreg få indirekte innverknad på dei interne drøftingane i EU i saker som er sentrale for oss. Det er difor viktig at norske styresmakter på alle nivå held fram med arbeidet med å utvide og utdjupe kontaktnettverket i nordiske EU-kretsar.

I spørsmålet om gjennomføringa av ein nordisk europapolitikk finst det ikkje noka «nordisk blokk» i EU. EU-samarbeidet er ikkje prega av stabile geografiske blokker. Det vert ført forhandlingar mellom EU-landa, og posisjonar vinn fram gjennom alliansar av land som skiftar frå sak til sak. Likevel er det eit ganske nært samarbeid i ei «nordgruppe», som primært består av Danmark, Finland, Sverige, Storbritannia og Nederland.

Det er viktig å føre vidare det gode samarbeidet som er etablert mellom alle dei nordiske landa, både uformelt og formelt, når det gjeld informasjon og konsultasjonar i viktige spørsmål. Danmark har EU-formannskapet våren 2012. I desse halvårsperiodane vert det nære nordiske samarbeidet ekstra viktig for Noreg. Det kan vere

enklare å vinne innpass i sentrale EU-prosessar med eit nordisk naboland ved EU-roret, slik som den svenske formannskapet hausten 2009 viste seg å vere.

Dei mest konkrete og synlege døma på nordisk samarbeid i EU-samanheng dei siste åra er etableringa av den svenskleidde EU-stridsgruppa (Nordic Battle Group, NBG), som stod i beredskap våren 2008 og igjen våren 2011. Sverige har rolla som leiarnasjon, og på norsk side har vi vore godt nøgde med konsultasjonsordningane dei har lagt opp til både på militær og sivil side. Den aktive innlemminga av Noreg og Island i det EU-initierte samarbeidet i Den nordlege dimensjonen er òg viktig. Likevel er det framleis slik at Austersjø- og Barentssamarbeida til tider kan vere prega av at mange prosjekt er forankra i EU gjennom naboskapspolitikken (ENP) eller EU-programmet for regionalt samarbeid. EU-strategien for Austersjøregionen har vore operativ sidan 1. januar 2010 og er ei ny ramme for samarbeidet. Strategien vil venteleg stå sentralt som ledd i den danske formannskapet i EU i 2012.

Dei nordiske naboane våre er difor opptekne av at banda til Brussel er tette, og Kommisjonen deltek òg i Austersjø- og Barentssamarbeidet. For Noreg vil det seie auka innsats for – og merksemd om – nordområda. Også på justis- og innanriksområdet er nordisk samarbeid sentralt. For Noreg er det viktig at vi held oppe dei nordiske modellane på område der EU etablerer og vidareutviklar tilsvarende samarbeid. Døme på slike område er det konsulære samarbeidet og visumsamarbeidet. Ved å sikre at det nordiske samarbeidet er velfungerande og attraktivt, kan vi medverke til at dei nordiske EU-medlemslanda vidarefører dette sjølv når liknande samarbeid på EU-nivå blir forsterka.

Avtalen mellom Noreg, Island og EU om deltaking i Schengen-samarbeidet har gjort det mogleg å halde oppe den nordiske passunionen. Avtalen inneber òg at alle dei nordiske landa er ein del av eit større europeisk område med reisefridom, og at dei tek del i alle dei kompenserande tiltaka på mellom anna politisamarbeidsfeltet. Det er eit godt samarbeid mellom dei nordiske landa i spørsmål som er relevante for Schengen. Sjå elles omtale under punkt 4.1. om samarbeid mellom utanrikstenestene i nordiske land.

4 Utanriks-, forsvars- og utviklingspolitisk samarbeid

4.1 Det utanrikspolitiske samarbeidet. Oppfølging av Stoltenberg-rapporten

Oppfølging av Thorvald Stoltenbergs rapport om utanriks- og tryggingsspolitikk, som blei utarbeidd for dei fem nordiske utanriksministrane i 2009, har prega det utanrikspolitiske samarbeidet også i 2011. Semja om ei nordisk solidaritetserklæring på det nordiske utanriksministermøtet i Helsingfors 5. april i år er eit tydeleg uttrykk for viljen hos dei nordiske landa til å gå vidare i arbeidet med å fordjupe det utanriks- og sikkerheitspolitiske samarbeidet og bidreg til ny dynamikk i dette samarbeidet.

Ifølgje solidaritetserklæringa skal dei nordiske landa samarbeide i ei solidarisk ånd for å møte utfordringar på det utanriks- og tryggingsspolitiske området. Erklæringa nemner spesielt natur- og menneskeskapte katastrofar, digitale angrep og terroristangrep.

Den nordiske solidaritetserklæringa er eit supplement til den forankringa landa har til høvesvis NATO og EU. Den nordiske solidaritetserklæringa lyder slik:

«Ministrane understreka den sterke verdifelleskapen mellom Danmark, Finland, Island, Noreg og Sverige. Arbeid for å fremje demokratiet, folkeretten og respekten for menneskerettane, likestilling og berekraftig utvikling er grunnelement i utanrikspolitikken til dei nordiske landa. På grunn av felles interesser og geografisk nærleik er det naturleg for dei nordiske landa å samarbeide om å løyse utanriks- og tryggingsspolitiske utfordringar i solidarisk ånd. Ministrane diskuterte i denne samanhengen potensielle farar som natur- eller menneskeskapte katastrofar, digitale angrep og terroristangrep. Skulle eitt av dei nordiske landa bli ramma, vil dei andre landa, dersom dei blir spurde, tre støttande til med relevante middel. Intensiveringa av det nordiske samarbeidet vil bli gjennomført i fullt samsvar med tryggingss- og forsvarspolitikken i dei ulike landa og vil

utfylle det etablerte europeiske og euroatlantiske samarbeidet.»

Samarbeidet mellom dei nordisk-baltiske landa (NB8-kretsen) har utvikla seg sidan byrjinga av 1990-åra og omfattar no nær alle departementa. Regionale spørsmål har ein sentral plass i NB8-samarbeidet, inkludert tilhøvet til og samarbeidet med Russland. På latvisk initiativ blei det våren 2010 nedsett ei vismannsgruppe som i august same året la fram ein rapport med 38 konkrete forslag til korleis det nordisk- baltiske samarbeidet kan styrkjast. Det er semje mellom landa om å gå vidare med 25 av forslaga, og ansvaret for oppfølginga er fordelt mellom landa.

Digital tryggleik

I tida framover blir det ei viktig oppgåve å gje solidaritetserklæringa eit meir konkret innhald. I første omgang vil erklæringa bli følgd opp med eit nordisk samarbeid mot digitale angrep (jf. Stoltenberg-rapporten).

Digitale angrep utgjer ei stadig viktigare tryggingsspolitisk utfordring for alle nordiske land. Dei nordiske landa er vovne inn i kvarandre på det digitale sikkerheitsområdet. Eit digitalt angrep på datamaskiner i eitt av dei nordiske landa vil såleis kunne ramme kritiske system også i andre nordisk land.

Dei nordiske utanriksministrane vedtok i november 2010 å etablere ei nordisk arbeidsgruppe som skulle sjå på dei tekniske og økonomiske føresetnadene for eit sikra nordisk kommunikasjonsnettverk. Eit slikt nettverk kan bli eit første skritt i retning av eit nordisk samarbeid om digital tryggleik. Arbeidsgruppa legg fram rapport i oktober 2011, og det blir no arbeidd vidare med å utvikle og konkretisere samarbeidet.

Forsvars- og tryggingsspolitisk samarbeid

Det nordiske forsvars- og tryggingsspolitiske samarbeidet vidareutviklar seg kontinuerleg med utgangspunkt i felles interesser og nytteverdi for landa. Oppfølginga av Stoltenberg-rapporten er

her ei viktig kjelde til inspirasjon og konkrete tiltak. Ei rekkje forum, arbeidsgrupper o.l. drøftar no konkret nordisk samarbeid på ulike område frå rapporten.

Årsakene til avgrensingane på dagens nordiske samarbeid er kanskje først og fremst å finne i dei ulike erfaringane og særtrekka landa har tileigna seg gjennom si historiske utvikling. Vi ser no at dette endrar seg etter kvart som dei felles interessene våre aukar og blir tydelegare. Vi deltek i felles operasjonar, samarbeider om forsvarsmateriell, deltek i felles militære øvingar og utvekslar synspunkt i ein open og fortruleg dialog. Det stadig tettare samarbeidet endrar strukturar og haldningar og gjev oss nye moglegheiter.

Samtidig har dei nordiske landa til tider ulike prioriteringar, mellom anna med omsyn til kva operasjonar dei deltek i, og kva rammer det skjer innanfor. På svensk, finsk og dansk side er det klart at når det gjeld sivile bidrag, vil EU-leidde operasjonar i mange tilfelle bli prioriterte. Den norske regjeringa arbeider for å styrkje det nordiske samarbeidet til støtte for FN's fredsoperative innsats. Saman kan dei nordiske landa bidra til utvikling av politikk og praktiske retningslinjer i FN og til meir effektive fredsoperasjonar. Grunnlaget for eit styrkt samarbeid er derfor godt. Det blir m.a. arbeid konkret med å styrkje samordninga av opplæring av sivilt personell for innsats i krisehandtering og stabilisering (jf. Stoltenberg-rapporten).

Deltaking frå alle dei fem landa er det grunnleggjande utgangspunktet i det nordiske samarbeidet. Dei nordiske landa har regulære fellesnordiske tryggingsspolitiske konsultasjonar på embetsnivå og møttest hausten 2010 og våren 2011. Samtidig har auka vektlegging av fleksibilitet i samarbeidet mellom alt frå to til fem land vist seg å bidra til å skape ein dynamikk som samla sett også påverkar alle fem. Dei fleirfaldige samarbeidsflatene når det gjeld kampfly er eit eksempel på dette. Luftovervakinga på Island, samtreninga mellom Noreg, Sverige og Finland på Nordkalotten og norsk-dansk-svensk deltaking i Libya er andre døme.

(Det nordiske forsvarsspolitiske samarbeidet er nærmare omtalt i kap. 4.3).

Utanrikstenestene

Det er lang tradisjon for eit nært samarbeid mellom dei nordiske utanrikstenestene, både mellom utanriksdepartementa og mellom utanriksstasjonane. I Stoltenberg-rapporten er samarbeid om utanrikstenesta definert som eit eige satsings-

område. På møtet sitt i Reykjavik i juni 2009 vedtok dei nordiske utanriksministrane at dette skulle følgjast opp omgåande. Sidan har det gått føre seg eit breitt arbeid i dei nordiske hovudstadene og lokalt ved utanriksstasjonane for å vidareutvikle og utdjupe aktuelle samarbeidsområde, utvide samarbeidet til nye fagfelt og definere område som peiker seg ut for nordisk «arbeidsdeling».

Dei nordiske utanriksdepartementa møttest til faste koordinerings- og informasjonsmøte, og det er etablert ulike kontaktgrupper på ei rekkje administrative og konsulære fagområde (personalspørsmål, migrasjon/utlendingsfeltet, konsulære spørsmål, kriseberedskap, tryggleik, eigedomsspørsmål, IKT-spørsmål, arkivfeltet). I 2010 blei det gjort vedtak om å vidareutvikle systemet for samlokalisering og innplassering av norske diplomatar i andre nordiske lands ambassadar der vi sjølve ikkje har behov for å vere til stades med fullserviceambassadar. Andre konkrete eksempel på samarbeidstiltak som blir prioriterte, er utvikling av retningslinjer for felles nordiske honorære konsulat, innføring av system for registrering av nordiske borgarar til bruk i krise- og evakuerings-situasjonar og utvikling av fellesrutinar for søknader om naudpass. I 2010 blei samarbeidet på hovudstadsnivå utvida til å omfatte koordinering av rapportverksemda til utanriksstasjonane på ulike utanrikspolitiske fagområde og samordning av fellesnordiske kontaktar med myndigheitene i tenestelanda.

Også ved utanriksstasjonane møttest nordiske utsende diplomatiske og konsulære tenestemenn til lokale kontakt- og samordningsmøte. Samarbeidet mellom dei nordiske utanriksstasjonane varierer frå stad til stad og kan mellom anna ha form av fysisk samlokalisering av ambassadar, felles administrative støttefunksjonar, felles visumseksjonar, avtalar om gjensidig visumrepresentasjon og hjelp i konsulære saker og ved akutte kriser ved behov. Dei nordiske ambassadane samarbeider lokalt om krise- og beresksplanlegging og om kriseøvingar. Som støtte for stasjonane er det utarbeidd ein omfattande katalog over konkrete samarbeidstiltak som kan innførast lokalt på ei rekkje felt, både på dei tradisjonelle administrative og konsulære samarbeidsområda og på saksfelt knytte til utanrikspolitikk og økonomi, bistandspolitikk, kultur, handel og næringsliv og anna. Katalogen tener som ein idébank for eit utdjupa og utvida samarbeid mellom dei nordiske representasjonane, som er oppfordra til å initiere nordiske samarbeidstiltak lokalt på dei områda og i det omfanget som synest naturleg på den enkelte tenestestaden.

Føresetnaden er at samarbeidet skal vere pragmatisk og gje meirverdi for arbeidet på stasjonane, og det er dermed rom for lokale løysingar og fleksible tilnærmingar, tilpassa forholda på staden.

Det er tett samarbeid mellom dei nordiske landa sine FN-delegasjonar. Det er m.a. møte på ambassadørnivå kvar veke der ein drøftar heile spennet av FN-spørsmål. I fleire typar initiativ, det vere seg innlegg, arrangement, politikkspørsmål eller anna, opptrer dei nordiske landa samla.

Det nordiske valsamarbeidet i FN omfattar interne nordiske rotasjonsordningar innanfor gruppa av vestlege land (WEOG). Slike rotasjonsordningar finst mellom anna for Tryggingrådet, Menneskerettsrådet og andre sentrale FN-organ. Formålet er å sikre at minst eitt nordisk land er representert i dei ulike organa så ofte som mogleg. I 2010 blei Noregs kandidat til Barnekomiteen (CRC), Kirsten Sandberg, vald inn etter ei nordisk rotasjonsordning og med støtte frå dei andre nordiske landa, og same året lanserte Norden ein felles kandidat, svenske Marie Jacobsson, til Folkerettskommisjonen (ILC) for perioden 2012–2016. Samtidig var det stadig fokus på det nordiske fellesprosjektet det er å få Finland vald inn i Tryggingrådet for perioden 2013–2014. Generelt er det tett og fortløpande nordisk kontakt i alle valspørsmål i FN, mellom anna i form av jamlege møte mellom dei nordiske valmedarbeidarane.

Den 30. august undertekna utanriksministrane i dei fem nordiske og tre baltiske landa eit Memorandum of Understanding om stasjonering av diplomatar i kvarandres utenriksstasjonar. Formålet med avtalen er å gjere det mogleg å etablere enkle, fleksible og kostnadseffektive former for diplomatisk nærvær som alternativ til fullt oppsette ambassarar.

4.2 Utanrikshandel

Det utanrikshandelspolitiske samarbeidet mellom dei nordiske landa er i dag meir uformelt enn tidlegare. Den ytre handelspolitikken i EU har Kommisjonen ansvaret for, og det er såleis ikkje aktuelt med eit formelt samarbeid mellom dei nordiske landa om felles posisjonar i WTO. Det er likevel god uformell kontakt i WTO-spørsmål mellom dei nordiske delegasjonane i Genève og med dei nordiske deltakarane i handelskomiteen i OECD. Gjennom denne kontakten får Noreg informasjon om drøftingane i EU, og dei andre nordiske landa kan dra nytte av at Noreg deltek i grupperingar der EU berre er representert ved Kommisjonen.

Det er brei kontakt mellom dei nordiske hovudstadene, mellom delegasjonane/ representasjonane i Brussel og mellom dei nordiske ambassadane i utanrikshandelspolitiske spørsmål. Nordisk ministerråd er òg ein arena for regelmessig nordisk dialog om aktuelle EU- og EØS-saker. Dei nordiske utanrikshandelsministrane møtest årleg til uformelt samråd om aktuelle utanrikshandelspolitiske saker. På dagsordenen står m.a. samarbeid i saker som gjeld den indre marknaden; EU/EØS-spørsmål; ulike EU-direktiv, mellom anna implementering av tenestedirektivet og nytt vareregelverk; ulike grensehinderspørsmål; den nye vekst- og sysselsetjingsstrategien i EU (Europa 2020-strategien) og tilhøvet mellom handel og utvikling og handel og klima. Regjeringa legg vekt på at det utanrikshandelspolitiske samarbeidet skal dyrkast og utviklast vidare.

Den tette kontakten med dei nordiske landa i spørsmål om EØS og den indre marknaden er viktig for å oppfylle ambisjonen regjeringa har om ein aktiv europapolitikk og om å arbeide målretta for å vareta norske interesser overfor EU. Kommisjonens handlingsplan for den indre marknaden (Single Market Act) vil vere eit tema i tida som kjem, mellom anna under den danske formannskapet i EU første halvår 2012. Samarbeidet med nærområda til Norden på det økonomiske og handelspolitiske området har òg vorte viktigare.

4.3 Forsvar

Fleirnasjonalt forsvarssamarbeid blir i aukande grad sett på som eit naudsynt verkemiddel for å løyse felles, grunnleggjande utfordringar i forsvars- og tryggingspolitikken. Stramme økonomiske rammer, prisstiging på høgteknologisk forsvarsmateriell og grenseoverskridande tryggingstutfordringar gjer det naturleg og nødvendig å vidareutvikle fleirnasjonalt forsvarssamarbeid. Det er på denne bakgrunnen ein må sjå utviklinga av det nordiske forsvarssamarbeidet, NORDEFKO, både på militært og politisk nivå. Det nordiske verdifelleskapet og den geografiske nærleiken gjer det naturleg å samarbeide tett om felles utanriks- og tryggingspolitiske utfordringar. Det er såleis stadig tettare politisk dialog om forsvars- og tryggingspolitiske spørsmål.

Regjeringa legg stor vekt på at den breie politiske tilslutninga i dei nordiske landa må bli følgd opp gjennom praktiske samarbeidstiltak. Trass i ei positiv utvikling dei siste åra meiner regjeringa at det framleis er eit uutnytta potensial også på dette området. At ein stadig ser nye samarbeids-

område, vitnar om at dei nordiske regjeringane tilfører ein reell tilleggs- og nytteverdi med si satsing på auka nordisk samarbeid.

At dei nordiske landa har ulik tilknytning til NATO og EU, er ikkje til hinder for eit auka forsvars- og tryggingsspolitisk samarbeid i Norden. Både NATO og EU har fleksible samarbeidsrammer med ikkje-medlemmer, noko som gjer det mogleg å styrkje det nordiske samarbeidet også innanfor desse organisasjonane. Sverige og Finland er tett knytte til NATO gjennom eit velutvikla partnerskapssamarbeid, og Noreg har svært brei kontaktflate med EU, både på politisk og praktisk nivå. Mellom anna deltok Noreg i den svenskleidde EU-stridsgruppa som stod i beredskap for EU i første halvdel av 2011, og vi deltek aktivt i kapabilitetssamarbeidet som EUs forsvarsbyrå (EDA) driv.

Noreg har vidareført det særskilde tryggingsspolitiske samarbeidet med Island innanfor dei rammene som er trekte opp i avtalen som blei undertekna etter at USA trekte tilbake det militære nærværet sitt frå Island. Den norske støtta har vore høgt verdsett av islandske styresmakter.

Det praktiske militære samarbeidet i Norden er ytterlegare styrkt siste året. Samarbeidet har vekt interesse også utanfor Norden. Det overordna målet med samarbeidet er å finne fram til løysingar som kan gje reduserte kostnader og auka operativ evne. Rasjonaliseringseffektane av eit sterkare nordisk samarbeid kan leggje til rette for at Noreg kan realisere eit høgare forsvarspolitisk ambisjonsnivå enn det ein kunne oppnå utan eit slikt samarbeid.

Samarbeid om operasjonar står sentralt. I tillegg til det nemnde samarbeidet om EU-stridsgruppene blir det arbeidd med å styrkje det eksisterande samarbeidet i Afghanistan. Eit nordisk samarbeid om støtte til afrikansk kapasitetsbygging i Aust-Afrika går ut på å medverke til at den Afrikanske unionen sjølv kan handtere kriser på det afrikanske kontinentet.

Byråkratiske og praktiske hindringar for samarbeid på tvers av grensene blir bygde ned. Samarbeidet om trening og øving aukar. Særleg gjeld dette kampfly. Kvar veke er det samtrening organisert av luftvingane i Bodø, Kallax og Rovaniemi. Dette gjev svært nyttig trening til redusert kostnad, ettersom dei korte avstandane gjer at ein slepp å deployere luftstyrkane. Tilgjengelege nordiske trenings- og øvingsområde for land- og luftstyrkar utgjer eit område på storleik med Tyskland, noko som gjev eit unikt grunnlag for eit kostnadseffektivt operativt samarbeid. Sverige og Finland vil innan kort tid knyte seg opp til NATOs fel-

les luftovervakingssystem via Noreg. Dette samarbeidet kjem også NATO til gode og gjev rom for eit utvida luftoperativt samarbeid mellom Noreg, Sverige og Finland.

Det blir òg arbeidd med å styrkje kapabilitetssamarbeidet. Dei nordiske landa har samanlikna sine forsvarsplanar og identifisert nokre prioriterte område der behova er samanfallande. Blant desse områda er motmiddel mot improviserte bomber, langtrevende presisjonsvåpen, luftovervaking, bakkebasert luftforsvar og framtidens bataljonssystem. Det blir arbeidd med å utvikle felles nordiske logistikk-løysingar og måtar å styrkje det nordiske materiell- og industrisamarbeidet på. Her er det norske og svenske fellesprosjektet om utvikling og anskaffing av artillerisystemet ARCHER eit eksempel der det i tillegg til sjølv materiellanskaffinga blir lagt opp til eit samarbeid om utdanning og trening. Vidare planlegg Sverige og Noreg felles anskaffing av nye transportkøretøy. Den finske anskaffinga av det norskutvikla, bakkebaserte luftvernssystemet NASAMS II gjev gode utsikter for langsiktig samarbeid.

Som ein konsekvens av sitt aktive engasjement i internasjonale operasjonar ser dei nordiske landa i fellesskap på løysingar for å vareta behova til veteranane. Eit samarbeid på dette området utviklar seg mellom anna når det gjeld erfaringsutveksling, forskning og utvikling og tiltak for å styrkje statusen til veteranane.

Ein nordisk tryggingssavtale gjer det mogleg å utveksle gradert nasjonal informasjon mellom dei nordiske landa. Det blir arbeidd med ein avtale som skal regulere opphavsrettar i samband med forskings- og utviklingssamarbeid, og med å forenkle prosedyrane for grensekryssing av militært personell og materiell mellom de nordiske landa.

Som eit ledd i den internasjonale oppfølginga av konflikten i Libya blei det i mars 2011 oppretta ei kontaktgruppe for Libya som skulle følgje opp vedtaka i FN's tryggingssråd. I lys av Danmarks, Sveriges og Noregs omfattande militære, politiske og humanitære oppfølging av FN-resolusjonane blei landa samde om en representasjon i kontaktgruppa gjennom ein roterande skandinavisk stol. Kontaktgruppa blei omdanna til eit breiare vennegruppe format 1. september. I samband med den 66. Generalforsamlinga i FN inviterte generalsekretær Ban Ki-moon til eit separat høgnivåmøte om Libya der alle dei nordiske landa blei inviterte til å delta. Dette markerte overgangen til ein ny fase i oppfølginga av Libya frå det internasjonale samfunnets side. Det nordiske samarbeidet vil vere avhengig av korleis dei ulike landa kjem til å engasjere seg i landet.

4.4 Utviklingssamarbeid

Noreg er ein pådrivar for å styrkje det nære samarbeidet med dei andre nordiske landa. Hovudformålet er å leggje til rette for meir effektiv bistand, i tillegg til å bruke bistanden meir strategisk for å utløyse andre og mykje større pengestraumar. Dette skjer primært gjennom Nordic Plus-samarbeidet, der også Irland, Nederland og Storbritannia deltek. Siste møtet mellom utviklingsleiarane i dei respektive landa (Irland, mai 2010) stadfesta at det er brei semje om at bistanden kan gjerast meir effektiv, både gjennom bilaterale og multilaterale kanalar. Målsetjinga er å intensivere den globale kampen mot fattigdom i ei tid med fleire store globale kriser. I tillegg diskuterer gruppa andre dagsaktuelle politiske tema der ei samordna tilnærming kan gje meirverdi. Gruppa har ein positiv innverknad på politikktutforminga i EU når det gjeld bistand, men òg andre politiske tema. Ein studie gjort av Norad om arbeidsdeling (2010) viser at det i fleire av samarbeidslanda er etablert eit godt samarbeid mellom Nordic Plus-landa, mellom anna eit delegert samarbeid for å redusere overføringskostnader og for å rasjonalisere samarbeidet på landnivå.

Samarbeidet med Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane er formalisert gjennom ein omfattande nordisk koordineringsprosess og ei rotasjonsordning for representasjon i dei styrande organa. I Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane har Noreg i dei fleste sakene samanfallande interesser med dei andre nordiske landa, og i styra i institusjonane er det tett nordisk samarbeid. Felles posisjonar vert utforma heile

tida, og det vert halde felles innlegg under årsmøte og møte i utviklingskomiteen i Verdsbanken, Det internasjonale valutafondet (IMF) og under årsmøta i dei regionale utviklingsbankane. Dei nordiske landa legg i det daglege arbeidet sitt vekt på å sikre at den overordna målsetjinga om fattigdomsreduksjon vert styrande for utforminga og gjennomføringa av verksemda i utviklingsbankane.

Det nordiske utviklingsfondet (Nordic Development Fund, NDF) er ein samnordisk bistandsorganisasjon som vert finansiert over bistandsbudsjetta til dei nordiske landa. NDF samfinansierer med andre multilaterale institusjonar, hovudsakleg Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane. Størstedelen av kredittane til NDF har vore nytta til å finansiere leveransar av varer og tenester frå dei nordiske landa. I 2005, etter mislukka påfyllingsforhandlingar, konkluderte dei nordiske utviklingsministrane med at det var semje om å avvike aktivitetane til NDF. Då det vart klart at tilbakebetalingar på lån i nominelle termar ville utgjere omlag ein milliard euro over ein periode på 35 år, vedtok likevel Nordisk ministerråd at denne kapitalen skulle brukast til å finansiere klima og utvikling på gåvevilkår for land som kvalifiserer til støtte frå IDA.

Eit nytt strategidokument for 2009–2011 gjev grunnlaget for prioriteringar. Målet er å bidra til auka investeringar i utviklingsland som rettar seg mot årsaka til og effekten av klimaendringar, samtidig som tiltak reflekterer nordiske prioriteringar og komparative fortrinn. I 2010 godkjende styret 14 prosjekt under det nye mandatet med ein totalverdi på EUR 54,2 mill.

5 Fagleg samarbeid

5.1 Kultur

Verksemda på kulturområdet er forankra i kulturministranes mål- og visjonsdokument «Det felles-nordiske kultursamarbeid: Handlingsplan for 2010–2012». Programma til ministerrådet for kultur (MR-Ks), Nordisk kulturfond, Nordisk film- og TV-fond og dei nordiske husa og institutta, spelar alle ei sentral rolle i den vidare utviklinga av kultur- og mediasamarbeidet og bidreg aktivt til å fremje nordisk språk og kultur. Nordisk råds kulturprisar bidreg til å synleggjere kultursamarbeidet for eit breitt publikum både i Norden og internasjonalt.

Den nordiske samarbeidsstrukturen på kulturfeltet har gjennomgått markante endringar dei siste åra for å gjere samarbeidet meir dynamisk og fleksibelt. På oppdrag frå MR-K har Telemarkforskning gjennomført ei evaluering av dei nye komponentane i kultursamarbeidet: kultur- og kunstprogrammet, det nordisk-baltiske mobilitetsprogrammet og forvaltningsorganet for programma (Kulturkontakt Nord). Formålet med evalueringa var å sjå på effektar og konsekvensar av endringane som blei sette i verk i 2007.

Den overordna vurderinga av reforma er positiv. Nyordninga av det nordiske kultursamarbeidet har vore vellykka, men det er behov for mindre justeringar. Arbeidet med oppfølging av evalueringa er sett i gang og skal vere avslutta i løpet av 2012.

Programma

Det er gjeve støtte til ei lang rekkje prosjekt – meir enn 400 – gjennom Nordisk ministerråds ulike program, som MR-K i år har vedteke å vidareføre. Kultur- og kunstprogrammet (2012–2016) er eit rammeprogram som støttar prosjekt på alle kultur- og kunstområde; Nordisk-baltisk mobilitetsprogram (2012–2014) yter mobilitetsstøtte til kultur- og kunstaktørar, støttar nettverksbygging på kunst- og kulturfeltet og bidreg til utvikling av kunstnarresidensar. Nordisk dataspelprogram

skal bidra til auka kvalitet på og tilgang til dataspel med nordisk innhald for barn og unge. MR-K har vedteke å vidareføre dataspelprogrammet for perioden 2012–2015.

Kulturministranes globaliseringsstrategi – Det kreative Norden

Hovudsatsing i 2011 har vore presentasjon av nordisk litteratur på bokmessa i Paris på Salon du Livre. I tilknytning til sjølve bokmessa blei det arrangert eit kulturforum der nordisk omsetjarutdanning og nordisk forlagssamarbeid stod i fokus. Profileringa av nordisk kultur skal vidareførast.

Kultur for barn og unge

Barn og unge er definert som eit satsingsområde for NMR. MR-K ønskjer ei tydelegare og synlegare satsing på kultur for barn og unge. Dette blir det arbeidd med. Barn og unge vil òg vere eit satsingsområde under den norske formannskapet.

Norden og nabolanda

Dei nordiske og baltiske kulturministrane heldt fellesmøte i Åbo i april. Her blei det m.a. vedteke å forlengje Nordisk-baltisk mobilitetsprogram for kultur for perioden 2012–2014.

Noreg deltek aktivt i arbeidet med å følgje opp handlingsplanen for Den nordlege dimensjonens kulturpartnarskap. Måla med partnarskapen er i tråd med Ministerrådets satsing på å styrkje og utvikle kulturnæringar i Norden.

Nordisk kulturfond

Fondet støttar nordisk samarbeid i det profesjonelle kulturlivet og i den frivillige sektoren. Prioriterte områder er m.a. prosjekt for barn og unge og prosjekt som fremjar den nordiske språkforståinga. Nye nordbuar i det nordiske kultursamarbeidet vil framleis vere fokus i 2011, og årets nordiske scenekunstthending skal finne stad.

Formannskapsprogrammet for 2012

Formannskapen vil setje nasjonale kulturpolitiske prioriteringar på dagsordenen og samtidig vareta kontinuiteten frå tidlegare formannskapar, med ei forankring i handlingsplanen for det fellesnordiske kultursamarbeidet.

5.2 Utdanning og forskning, inklusive IT

Det nordiske samarbeidet om utdanning og forskning er langsiktig, og som største enkeltområde femner det tematisk vidt. Arbeidet er i stigande grad basert på forskning, studiar og utgreiingar som grunnlag for fellesnordiske initiativ. I 2010 og første del av 2011 er resultat oppnådde og planar lagde for barnehagefeltet, grunnopplæringa, høgare utdanning, vaksnes læring og forskning. For formannskapsåret 2012 tek Kunnskapsdepartementet sikte på å utforme eit ambisiøst sektorprogram. Kommande tiltak og satsingar vil òg bli avklarte i denne prosessen.

Den nordiske barnehagemodellen

Det er behov for meir tverrfagleg forskning som kan dokumentere kvalitet, effekt og utfordringar i samband med den nordiske barnehagemodellen, der omsorg, leik og læring inngår i pedagogiske tilbod til barn mellom eitt og fem år. Kunnskapsdepartementet har for andre gong arrangert ein nordisk barnehageforsningskonferanse i 2011, der aktuell nordisk forskning på barnehagar blei presentert og diskutert.

I 2011 skal det gjennomførast ein komparativ analyse av styringsdokument (ramme- og læreplanar) og føringar for innhaldet i barnehagane i dei nordiske landa. Dette vil kunne bidra i eit arbeid med nordiske kvalitetsindikatorar på området.

Nordisk språkkampanje

I 2010 løyvde Nordisk ministerråd DKK 300 000 til kvart av dei nordiske landa til arbeid med språkkampanjen i 2011. Målet er å styrkje forståinga av skandinaviske språk blant ungdom. Kunnskapsdepartementet kanalisierer midlar til kampanjen gjennom tre ulike samarbeidspartnarar – Foreningen !les, Språkrådet og Foreningen Norden – som organiserer tiltak retta mot elevar og lærarar.

Små og verneverdige handverksfag

Nordisk råd har vore opptekne av situasjonen for små og verneverdige handverksfag i vidaregåande opplæring. Stabiliteten og kvaliteten i slike utdanningstilbod vil kunne styrkjast gjennom eit tilstrekkeleg volum av søkjarar og nordisk fagleg samarbeid. Nordisk ministerråd har vedteke å setje i gang eit samarbeidsprosjekt for små handverksfag i 2011 med Noreg som prosjektansvarleg.

Ernæring, læring og helse

Initiativet «Ernæring, læring og helse», som Noreg tok initiativet til, har i 2011 levert eit systematisk oversyn over eksisterande kunnskap om samanhengar mellom ernæring, læring og helse blant barn og ungdom i Norden, med fokus på mat i barnehage og skule.

På bakgrunn av det er det foreslått at det i neste fase av prosjektet skal undersøkast nærare kva for tilhøve kring skulemåltidet som påverkar læring og helse. For å sikre at det nordiske perspektivet blir teke vare på, skal NordForsk ta over leiaransvaret for prosjektet.

Felles nordisk utdanningsforskningsinitiativ

NMR og Nordforsk har i fellesskap løyvd DKK 30 mill. til eit breitt fellesnordisk initiativ for utdanningsforskning og forskningsformidling frå 2012. I denne satsinga er DKK 2 mill. øyremerkt til formål som gjeld fråfall i vidaregåande opplæring. Andre prioriterte tema blir klasseromsforskning, læringsutbyte og skuleleiing.

Mellom anna på grunnlag av ein rekommandasjon frå Nordisk råd og resultat frå PISA-undersøkinga er det fremja forslag om nordisk samarbeid om lærarutdanning. Ein moglegheitsrapport for eit fellesopplegg blei utarbeidd i 2010 og er no til behandling.

I overgangen 2010–2011 starta eit nordisk samarbeid for oppfølging av OECD-undersøkinga av vaksnes kompetanse, PIAAC (Programme for International Assessment of Adult Competencies, 2011–2012). Oppfølginga vil ta til så snart studien er gjennomført og dei innsamla dataa blir tilgjengelege. I arbeidet med det europeiske og dei nasjonale kvalifikasjonsrammeverka er det òg etablert ei nordisk arbeidsgruppe som samarbeider og utvekslar erfaringar på området realkompetanse.

Nordplus, NMRs store mobilitets- og nettverksprogram, skal bidra til å utvikle Norden til eit

dynamisk og attraktivt regionalt utdanningsområde. Programmet blei positivt evaluert i 2010, og vidareføring er vedteke etter 2011.

Det nordiske masterprogrammet (Nordic Master Programme) er eit vellykka samarbeidsprosjekt om felles masterutdanning mellom universitet i minst tre nordiske land. Programmet skal òg bidra til internasjonal marknadsføring av god kvalitet i Norden og er teke inn som ein del av nordisk globaliseringsarbeid. NMR yter DKK 1 mill. i støtte til utvikling per mastergrad. Noreg kom godt ut av den nyleg gjennomførte evalueringa av programmet.

Ei stortingsmelding om utdanning for yrka i velferdsstaten skal leggjast fram hausten 2011. Oppfølging av meldinga vil vere naturleg også på nordisk nivå, i lys av det norske hovudtemaet for formannskapsprogrammet.

NordForsk arbeider for å gje Norden auka styrke og innverknad på forskinga i Europa og verda elles. Det er utarbeidd ein ny strategi som gjeld for 2011–2014. Nordforsk er blitt evaluert i 2011. Toppforskningsinitiativet for klima, energi og miljø (TFI I) går frå 2009 til 2013. Ei evaluering med vekt på organisatoriske sider ved programmet blei gjort i 2010. Vurderinga var i hovudsak positiv. TFI I representerer ein ny type nordisk samarbeidsplattform for forskning, med finansiering basert på ein felles forskingspott. Evalueringa ser eit potensial for ytterlegare utvikling av TFI som plattform for internasjonalt samarbeid.

IKT-forum

Som plattform for samarbeid er det etablert eit forum med toppleiarar frå dei nasjonale IKT-departementa i Norden. Hovudoppgåvene er erfaringsutveksling om overordna IKT-politiske strategiar og prioriteringar og drøfting av behov for felles aktivitetar og innsats. Fornying-, administrasjons- og kyrkjedepartementet representerer Noreg i forumet. Nordisk ministerråd drøftar no omdanning av forumet til ei embetsmannsgruppe for IKT.

5.3 Miljø, inkl. tverrfagleg samarbeid

Det nordiske miljørarbeidet er omfattande, og drøftingar og vedtak i ministermøta byggjer på innspel frå EK-M og utgreiingsprosjekt frå arbeidsgruppene. Rammene for samarbeidet følgjer av det nordiske miljøhandlingsprogrammet for 2009–2012. Hovudfokus er klima og luftforureining, biologisk mangfald, kjemikalier, avfall,

hav og kystsoner. Det er gjennomført ei halvvegsevaluering av miljøhandlingsprogrammet. Resultata frå denne vil gje innspel til det nye miljøhandlingsprogrammet som er under utvikling. I tillegg er samarbeidet styrt av politiske initiativ og aktuelle spørsmål som til kvar tid står på den internasjonale dagsordenen, til dømes statsministerinitiativet i samband med ein «Task Force» for grøn økonomi og førebuingar til toppmøtet for berekraftig utvikling i Rio i juni 2012, der temaet er grøn økonomi og miljøstyresett.

Miljø- og finanssektoren har utarbeidd ein rapport om karbonfotavtrykk som har vekt stor interesse i og utanfor Norden. For 2011–2012 har dette samarbeidet fokus på «grøn økonomi» og har m.a. utarbeidd ein synteserapport om nordiske lands erfaringar, resultat og utfordringar når det gjeld miljøpolitikk, økonomiske verkemiddel og grøn økonomi. Denne rapporten er miljøsektorens bidrag til statsministerinitiativet om grøn økonomi.

Det tverrfaglege samarbeidet i miljøsektoren er i hovudsak konsentrert om arbeidet med berekraftig forbruk og produksjon, samarbeid med finanssektoren og arbeidet med genetiske ressurser.

Det nordiske miljørarbeidet er i særleg grad retta mot å påverke regelverksutviklinga i EU og andre internasjonale prosessar.

I 2011 er samarbeid fram mot partskonferansen (COP 17) under klimakonvensjonen i Sør-Afrika spesielt viktig. I denne samanhengen er det oppretta ei eiga arbeidsgruppe som skal hjelpe dei nordiske klimaforhandlarane med relevante analysar og ta initiativ til møte mellom nordiske forhandlarar og andre nøkkelpartar.

Dei nordiske landa spelar ei viktig rolle i arbeidet med å utvikle politikk for å redusere luftforureiningane i Europa. I denne samanhengen er det gjennomført faglege utgreiingar som er lagde til grunn for forhandlingar om nytt regelverk i EU på dette området og under konvensjonen om langtransporterte grenseoverskridande luftforureiningar.

Oppretting av eit naturpanel etter modell av det internasjonale klimapanelet, og måtar å operasjonalisere arbeidet i naturpanelet på, er prioritert, og eit samarbeid mellom nordiske forskingsmiljø som kan bidra under naturpanelet, er under etablering.

I EU blir det arbeidd mykje med avfallsførebbygging, og faggruppa for dei nordiske landa har sett på matvarebransjen og bygg- og anleggsbransjen for å få fram gode eksempel på avfallsførebbyggjande tiltak. Vidare er arbeid med kriterium for å

definere avfall prioritert. Arbeidet har vekt stor interesse og har eit viktig internasjonalt perspektiv.

Det nordiske havmiljøsamarbeidet er særleg retta inn mot havmiljøarbeidet i EU, HELCOM og OSPAR. Her er havforsuring eit viktig tema i år i tillegg til økosystembasert havforvaltning.

Arbeidsgruppa for berekraftig produksjon og forbruk har m.a. vurdert fordelar ved og potensial for miljøforbetringar gjennom grøne offentlege innkjøp og levert innspel til EUs økodesigndirektiv.

På kjemikalieområdet blir det arbeidd med eit vidt spekter av saker, og samarbeidet er i all hovudsak bestemt av internasjonale prosessar, først og fremst i EU, men òg i OECD og UNEP, og nordiske utgreiingar og innspel har vore lagde fram som underlagsmateriale til UNEP-forhandlingane om ein ny global kvikksølvavtale. I år arbeider ein elles med hormonhermarar og kombinasjonseffektar, informasjonssystem, merking og pakking og ei rekkje andre saker.

Nordisk miljøfinansieringsselskap (NEFCO) har med åra utvikla seg til å bli ein av dei viktigaste reiskapane til dei nordiske landa i arbeidet med å få sett i verk kostnadseffektive miljøtiltak i Nordens nærområde. Viktige oppgåver no og i framtida er program for energiøkonomisering, reduserte utslipp til Austersjøen gjennom støtte til reinseanlegg, utprøving av verkemiddel for å redusere klimagassutslipp (Nordic Carbon Fund) og medverknad i samband med eliminering av «hot spots» i Nordvest-Russland.

I sitt formannskapsprogram for 2011, «Det gröna Norden – klimasmart aktör», har Finland hovudfokus på klima og på samanhengen mellom miljø og økonomi, på økosystemtenester i samfunnsplanlegginga, helse- og miljørisikoar med kjemikaliar og nanomateriale og god praksis i samfunnsplanlegginga.

5.4 Nærings-, energi- og regionalpolitikk

Det nordiske regionalpolitiske samarbeidet fokuserer på å skape vekst og betre levevilkår i alle typar regionar med utgangspunkt i potensiala og behova i kvar region. Målet er å medverke til utvikling av heile det nordiske territoriets innovasjonsevne og økonomiske vekstpotensial og å skape territorielt samhoer. Politikken er retta mot distriktspolitiske problem som finst i store delar av Norden, med lange avstandar, utflytting, ei aldrande befolkning og ein svak arbeidsmarknad.

For å møte desse utfordringane legg ein hovudvekta på regionalpolitiske tiltak for å redusere grensehinder og på sektorsamvirke og ein differensiert regional utviklingspolitikk med auka fokus på territorial integrasjon og rolla og ansvaret til det regionale nivået.

I sin formannskapsperiode i Nordisk ministerråd i 2010 har Danmark på det næringspolitiske området særleg fokusert på grøne forretningsmodellar og samfunnsansvar. Ei undersøking Nordisk ministerråd gjorde i 2010, viste at grøne forretningsmodellar skaper nye arbeidsplassar, minskar belastninga på miljø og klima, fremjar innovasjon og kan støtte ein fellesnordisk grøn vekststrategi. Når det gjeld samfunnsansvar, har danskane ved hjelp av midlar frå Nordisk ministerråd utvikla og lansert eit fleispråkleg CSR-kompass. Tanken er at små og mellomstore bedrifter i Norden skal bruke dette verktøyet for å styrkje sitt arbeid med samfunnsansvar og leverandørstyring.

På ministermøtet for nærings-, energi og regionalpolitikk i København i oktober 2010 presenterte den danske formannskapen eit nordisk samarbeidsprogram for innovasjon og næringspolitikk 2011–2013. Visjonen er at samarbeidet skal styrkje Nordens globale rolle som ein leiande region på områda grøn vekst og velferd. Samarbeidsprogrammet inneheld seks fyrtårnsprosjekt på fire prioriterte område: grøn vekst, velferd, innovasjon og entreprenørskap. Samarbeidsprogrammet blei godteke av næringsministrane, og ansvar for dei ulike fyrtårnsprosjekta blei fordelt mellom landa. Noreg har fått ansvar for eit prosjekt knytt til innovasjon gjennom offentleg innkjøp og regulering i helsesektoren. Prosjektet skal setje fokus på behovet for innovative og effektive løysingar slik at dei nordiske landa blir i stand til å takle den aukande etterspørselen etter omsorgstenester.

Måla for dei fem andre prosjekta er oppretting av eit nordisk innovasjonsforum, ein felles nordisk CSR-strategi, eit kunnskapssenter for entreprenørskap, eit nordisk innovasjonsprogram for klimavennleg bygging og felles marknadsføring av innovative verksemder. Fleire av desse prosjekta skal gjennomførast i samarbeid med Nordic Innovation Center, som er den sentrale og implementerende institusjonen for det nordiske næringspolitiske samarbeidet.

Under sin noverande formannskap ønskjer Finland å styrkje nettverket mellom nordiske myndigheiter, næringsliv og bedrifter. Vidare vil Finland aktivt følgje opp og implementere det nye innovasjons- og næringspolitiske samarbeidsprogrammet for 2011–2013. I denne samanhengen

planlegg Finland mellom anna å arrangere ein innovasjonskonferanse i Finland i løpet av 2011. Dei legg òg opp til andre seminar og workshopar knytte til m.a. CO2-utslepp, internasjonalisering av tenester og den nordiske råvarepolitikken.

Harmoniserings- og samordningsspørsmål på byggområdet blir i ministerrådet handterte under embetsmannskomiteen for næring (EK-N). Det er ønskeleg med harmonisering og koordinering av byggjereglar og byggstandardar for å fjerne handelshinder. Eit mandat for dette arbeidet blir vurdert i dei respektive landa. Vidare er det som nemnt starta eit arbeid med eit nordisk program for klimavennleg bygging.

Samarbeidet mellom sentrale bygningsmyndigheiter i Norden skjer hovudsakleg med samarbeidskomiteen for nordiske bygningsmyndigheiter som overbygning. Myndigheitene møtest årleg, og det går føre seg eit uforpliktande fagleg samarbeid på aktuelle område for å følgje opp og koordinere initiativ og utvikling av regleverk, m.a. i samband med implementering av EU-direktiv.

Ramma om det regionalpolitiske arbeidet er det nordiske regionalpolitiske samarbeidsprogrammet (2009–2013). Visjonen er at Norden skal vere leiande i utviklinga av ein ny og meir kraftfull regionalpolitikk. Programmet konsentrerer seg om grenseoverskridande samarbeid for å fjerne grensehindringar, utvikling i utkant- og byregionar og tredjegenasjons regionalpolitikk. I tillegg blir det lagt vekt på å kaste lys over utfordringane i område med spreidd folkesetnad. Nordisk ministerråd delfinansierer Nordregio, som utviklar vitskapleg basert kunnskap om regionalpolitiske problemstillingar.

Arbeidet blir følgt opp av seks arbeidsgrupper. Tema for arbeidsgruppene er landsbygdene i framtida, nordiske byregionar, globalisering og grenseoverskridande samarbeid, tredjegenasjons regionalpolitikk, EUs framtidige regionalpolitikk med fokus på Interreg og framtidig regional statsstøtte, og til sist utvikling av nordisk grenseregional statistikk. Den sistnemnde gruppa er nyleg oppretta. Formålet med gruppene er i stor grad å dele kunnskap og byggje kompetanse på dei ulike temaa, og i enkelte tilfelle å utarbeide innspel til nordisk policyutvikling på feltet.

I arbeidet med landsbygdene i framtida har det vore sterkt fokus på tilgang på og tilgjenge til tenester. Andre tema har vore kommunanes rolle som tilretteleggjar for næringsutvikling, styresett og lokal samfunnsutvikling. Gruppa har teke initiativ til eit prosjekt om rammene og føresetnadene for busetjing i distriktsområde og kva konsekvensar dei har for vekst og utvikling. Det blir òg plan-

lagt eit nytt prosjekt om bygdepolitikken i EU etter 2014.

I arbeidet med tredjegenasjons regionalpolitikk blir det særleg arbeidd med prosjekt knytte til demografisk utvikling og lokale/regionale velferdspolitiske utfordringar, dei politiske responsane på dette og regionale potensial for grøn vekst som utgangspunkt for næringsmessig innovasjon. Vidare har ein avslutta eit arbeid om regionale konsekvensar av finanskrisa og EUs samhoøringsrapport.

Arbeidet med nordiske byregionar dreier seg særleg om byane og byregionane si rolle i globaliseringsprosessen, samordning og koordinering i komplekse storbyregionar, dei nordiske byanes rolle som aktørar i arbeidet med å redusere grensehinder i Austersjøregionen og Vest-Norden, regionen og lokalsamfunnet som arena for innovasjon og entreprenørskap og regionane og den demografiske utfordringa.

Arbeidsgruppene skal i utgangspunktet avsluttast i første halvdel av 2012. I det nye samarbeidsprogrammet vil det bli teke stilling til eventuell vidareføring eller oppretting av nye grupper.

I dei grenseoverskridande samarbeidskomiteane blir det lagt vekt på breie, strategiske tiltak som reduserer grenseregionale utfordringar og danner grunnlag for å utvikle potensialet i grenseregionane. Mykje av innsatsen gjeld auka mobilitet for bedrifter og enkeltpersonar for å redusere grensehinder. Blant organisasjonane er Torne-dalsrådet, Hedmark-Dalarna, Skärgårdssamarbetet, Øresundskomiteen, ARKO, Nordkalottrådet, MittNordenkomiteen, BothnianArc, Kvarkenrådet, Mitt-Skandia, Østfold-Bohuslän/Dalsland og Värmland-Østfold. Dei har høgt aktivitetsnivå og gjennomfører konferansar og seminar om grenseregionale problemstillingar, og dei finansierer en rekkje prosjekt.

Regionalministrane møtest i Helsingfors hausten 2011 for å diskutere mellom anna EUs samhoøringspolitikk og kva konsekvensar han får for dei nordiske landa.

Energi

Det nordiske energisamarbeid har dei siste åra bygd på handlingsplanen for det nordiske energisamarbeidet 2006–2009. Det har vore fokusert på ein nordisk elektrisitetsmarknad, fornybar energi, energieffektivitet, energi i område med spreidd folkesetnad og Norden i eit globalt perspektiv. I tillegg har forskning og teknologiutvikling hatt høg prioritet på energiområdet gjennom eit nordisk energiforskningsprogram (NEF). Under den

islandske formannskapen i 2009 blei eit handlingsprogram for det nordiske energipolitiske samarbeidet vedteke for perioden 2010–2013. Under den danske formannskapen i 2010 blei handlingsprogrammet for 2010–2013 sett i gang.

Globaliseringsinitiativet har gjeve ein ny impuls til det nordiske energisamarbeidet. Spørsmål under det nye handlingsprogrammet for 2010–2013 er relevante for dette initiativet. Det er sentralt for det nordiske energisamarbeidet å spele ei aktiv rolle i samband med utforminga av energipolitikken i Europa innanfor ramma av EU/EØS.

I den danske formannskapsperioden i 2010 sette dei nordiske ministrane i gang arbeidet med det nordiske handlingsprogrammet for energisamarbeid som gjaldt for perioden 2010–2013. Det blei lagt vekt på at det nordiske energisamarbeidet skal vere ein sterk og aktiv deltakar ved utforminga av energipolitikken i Norden og Europa ved å konsentrere seg om desse kjerneområda:

- energimarknader
- berekraftige energisystem
- Norden i det internasjonale energisamarbeidet

Energi i transportsektoren har hittil ikkje vore på dagsordenen for det nordiske samarbeidet. I det nye handlingsprogrammet er dette området innarbeidd med fokus på energieffektivitet og alternative brensel. Prosjektet er òg ein del av det nordiske globaliseringsinitiativet. På bakgrunn av dei rammene for energipolitikken som blir utvikla gjennom EU/EØS, er det behov for eit nordisk samarbeid i alle fasar av politikk- og regelverksutforminga. Ei prioritering av det nordiske elektrisitetssamarbeidet blir rekna som spesielt viktig. Dette blei bekrefta på møtet mellom dei nordiske energiministrane i København i oktober 2010.

Det er eit omfattande *elektrisitetsmarknads-samarbeid mellom dei nordiske landa*. Olje- og energidepartementet er involvert i dette samarbeidet gjennom grupper under Nordisk ministerråd. Vidare har regulatorane (NordReg) og dei systemansvarlege nettselskapa i Norden eit omfattande samarbeid. Utover dette samarbeider også konkurransemyndigheitene i Norden om spørsmål i tilknytning til elektrisitetsmarknaden.

Det nordiske samarbeidet på elektrisitetsområdet har styrkt forsyningstryggleiken, betra utnyttinga av dei samla nordiske kraftressursane, auka investeringane i overføringssamband mellom landa og fremja transparens i marknaden. Det blir òg arbeidd med sikte på ein felles nordisk sluttbrukarmarknad. Dette er viktige steg på vegen mot ein integrert nordisk kraftmarknad.

Det har vore svært viktig å einast om felles nordiske prinsipp for flaskehalshandtering sidan mange oppfattar dette som det største hinderet for vidareutvikling i den nordiske kraftmarknaden.

På ministermøtet i København i oktober 2010 blei dei nordiske energiministrane samde om å halde fram med arbeidet for ein grenselaus og effektiv elektrisitetsmarknad. Nettplasslegging og investeringar, ein framtidig felles sluttbrukarmarknad og integrasjon av uregulerbar fornybar energi i det nordiske kraftsystemet er saker det no blir jobba vidare med. Den nordiske elektrisitetsmarknaden står høgt på saklista hos dei nordiske energiministrane. Det er viktig at arbeidsplanen for den nordiske elektrisitetsmarknaden blir gjennomført i tråd med konklusjonane frå København-møtet i 2010.

Energidimensjonen ved klimapolitikken var eit viktig tema for Nordisk ministerråd i det førre handlingsprogrammet for perioden 2006–2009. I perioden 2010 til 2013 står temaa fornybar energi og energieffektivisering spesielt høgt.

Auka satsing på *fornybar energi og energieffektivisering* er ein del av den energipolitiske responsen på klimautfordringa. Politikken på desse områda er samtidig rekna for å vere viktig for andre energipolitiske mål i dei nordiske landa. Dei nordiske landa har ei felles interesse av å sjå på korleis dei kan innrette verkemiddelbruken og markere leiarsskap på desse områda. Dette er viktig sidan alle land blir påverka av politiske prosessar som går føre seg globalt og i Europa. Utvikling av rammevilkår for energieffektivisering og fornybar energi blir dermed spesielt interessant for dei nordiske landa i lys av utviklinga av direktiv og nye initiativ i EU og EØS. Det er etablert arbeidsgrupper på området fornybar energi og energieffektivisering. Dette arbeidet er styrkt og vidareført i 2009 og 2010 og har til mål å følgje prosessane på EU/EØS-nivå. EUs energi- og klimapakke vektlegg desse områda, og det er naturleg at det nordiske energisamarbeidet følgjer desse områda både i vedtaksprosessen og i gjennomføringa av aktuelle direktiv og politikkinisiativ. Gjennomføring av EU-direktivet for å fremje fornybar energi står sentralt som samarbeidsområde i handlingsprogrammet for 2010–2013. Dette omfattar arbeid knytt til korleis samarbeidsmekanismene mellom land som er nedfelte i direktivet, kan utviklast.

Dei nordiske energiministrane deltek i *Baltic Sea Region Energy Co-operation (BASREC)*, og i 2003 signerte dei ein avtale om etablering av Austersjøregionen som forsøksområde for bruk av dei fleksible mekanismene under Kyotoprotokollen. Som ei oppfølging av avtalen blei eit investerings-

fond for implementering av fellesgjennomføringsprosjekt i regionen oppretta. Eit viktig mål er å stimulere til realisering av fellesgjennomføringsprosjekt i energisektoren i Austersjøområdet. Fondet blei positivt evaluert i 2007. Dei nordiske landa er pådrivarar i BASREC-samarbeidet. Det blei halde eit ministtermøte innanfor BASREC-ramma i februar 2009 med støtte frå Nordisk ministerråd. Retninga på arbeidet har nordisk støtte, og i 2010 overtok Noreg formannskapet for BASREC.

Det vil vere sentralt å vidareføre det gode samarbeidet på energiområdet når det gjeld felles utfordringar i samband med EU/EØS-relaterte tema. I 2010 har det vore samarbeidd om forslaget til energimarknadspakke og forslaget til energi- og klimapakke som er under gjennomføring i EU, og som er relevant for EØS-landa. I lys av at Kommissjonen og EU-landa er midt i ein ny diskusjon om energipolitikk, er det naturleg at dei nordiske landa har auka fokus på dei felles utfordringane dette inneber.

Når det gjeld Norden og internasjonalt energisamarbeid elles, er det lagt vekt på samarbeid med Nordvest-Russland og Austersjøområdet.

Det er etablert eit velfungerande nordisk samarbeid om energiforskning. I handlingsprogrammet for energisamarbeidet 2010–2013 er målsetjinga å styrkje og utvikle konkurransekraftige kompetanse- og kunnskapsmiljø innanfor berekraftige og reine energiteknologiar og -system. Nordisk Energiforskning (NEF) er ein institusjon under Nordisk ministerråd lokalisert i Oslo. Institusjonen har til formål å vidareføre og fremje det nordiske samarbeidet på energiforskningsområdet gjennom å leggje til rette for auka kompetanse, konkurranseevne og verdiskaping i energisektoren i Norden. NEF skal utfylle og styrkje den fellesnordiske energiforskinga.

Ei hovudoppgåve for NEF er å bidra til ein felles strategi for forskning og utvikling på dei delane av energiområdet som er av felles nordisk interesse, og å støtte og utvikle FoU på sentrale energifaglege område. Det nordiske samarbeidet skal byggje på nordiske nasjonale føresetnader og styrkeposisjonar. I strategien for 2010–2013 skal det fokuserast på reinare teknologiar og løysingar, til dømes vindkraft, solenergi, bioenergi, havenergi, systemløysingar og intelligente infrastrukturløysingar.

NEF bruker ulike verkemiddel for å nå desse måla:

- økonomisk støtte til FoU og utvikling av kompetanse

- arenaer for etablering av forskarnettverk og informasjonsutveksling mellom forskarar, industri og myndigheiter
- konkret oppfølging av forskingsprosjekt og initiativ
- kommunikasjon og spreing av forskingsresultat

Nordisk Energiforskning er samfinansiert av dei nordiske landa med ca. 29 mill. kroner årleg.

Det har i 2010 vore arbeidd med tilrettelegging av det nordiske toppforskningsprogrammet. Både fornybar energi og fangst og lagring av karbon (CCS) har her blitt prioritert som satsingsområde for FoU på energifeltet. NEF spelar ei sentral rolle i koordineringa og implementeringa av toppforskningsinitiativet på klima, energi- og miljøområdet.

Vidare har NEF i 2010 stått sentralt i arbeidet med det nye nordiske programmet for energi og transport, som skal bidra til å fremje Norden på området berekraftig transport. NEF yter òg støtte til Nordisk ministerråds arbeidsgrupper for elektrisitetsmarknaden, fornybar energi og energi for område med spreidd folkesetnad.

5.5 Fiskeri og fangst

Med bistand frå arbeidsgruppa for fisk har embetsmannskomiteen for fisk ansvaret for fiskeri- og havbruksspørsmål i NMR. Arbeidet tek utgangpunkt i handlingsplanen for 2009–2012 og dei årlege formannskapsprogramma. Danmark hadde formannskapet i 2010, mens Færøyane og Grønland hadde ansvaret for fiskerisamarbeidet.

Innsatsen er strategisk retta mot område av høg politisk relevans for Norden og mot å utvikle samarbeid med viktige atlantiske og internasjonale partnarar (særleg FAO). Både NORFORSK og NiCe krev ei meir målretta og strategisk innarbeiding av sektorinteressene i programma og porteføljane til institusjonane. Å innarbeide interessene til sektorane på forskings- og innovasjonsida har høg prioritet.

Viktige milepelar under det færøyske formannskapsprogrammet i 2010 har m.a. vore

- dei pelagiske fiskeressursane i Nordaust-Atlanteren: klimaendringar, ressurstilstand, forvaltningsregime (medrekna ressursrenteproblematikk) og foredling
- rettsbasert fiske: samfunnsøkonomiske effektar knytte til allokering av fiskerettar (m.a. med tanke på revisjonen av CFP)

Generelt er det høg aktivitet på operativt nivå i fiskerisamarbeidet. I 2010 har det vore 34 aktivitetar med relevans for fiskeriforvaltninga og fiskeriforskninga. Aktivitetane var fordelte mellom formannskapens egne initiativ, oppfølging av handlingsplanen til den avtroppande formannskapet (Island) og andre nordiske ønske til aktivitetar i 2010. Fiskerisamarbeidet har ein portefølje som på slutten av året utgjorde 21 igangverande prosjekt som får økonomisk støtte frå fiskerisamarbeidet.

Gjennom fiskerisamarbeidet er det etablert kontaktar mellom nordiske forskings- og forvaltningsmiljø og ekspertar i FN-organisasjonen for ernæring og landbruk (FAO). Eit resultat av dette var at det i mars 2011 blei arrangert ein stor konferanse med deltaking frå FAO og IUCN om verna marine område. Utover dette har fiskerisamarbeidet vore sterkt engasjert i å utvikle grunnlaget for nærmare samarbeid om marin forskning i Norden. Vidare har det vore stort engasjement for – og ytt økonomisk støtte til – førebuingane til eit marint innovasjonsprogram, som òg kan komme til å omfatte eit samarbeid med m.a. Canada.

5.6 Jord- og skogbruk

Saman med strategien til Nordisk ministerråd for berekraft ligg globaliseringsinitiativet til grunn for handlingsprogrammet for ministerrådet for fiskeri, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk. Dei årlege formannskapsprogramma skal medverke til å oppdatere handlingsprogrammet slik at tidsaktuelle oppgåver blir prioriterte til kvar tid.

Rammeprogrammet har seks satsingsområde og skal

- bidra til å utvikle konkurransekraftig produksjon
- bidra til å betre føresetnadene til dei nordiske landa i møte med klimaendringane og utfordringane med å sikre genetisk mangfald for kommande generasjonar
- støtte ei berekraftig utvikling av kyst- og innlandsbygdene i Norden og kulturen deira
- vidareutvikle den nordiske velferdsmodellen med vekt på god folke- og dyrehelse og høg dyrevelferd
- bidra til at felles nordiske vurderingar får gjennomslag i internasjonale prosessar og fora

Programmet «Ny nordisk mat» er blitt svært populært i dei nordiske landa. Det skaper rom og auka interesse for utvikling av lokal og regional mat og matkultur, for regional utvikling og verdi-

skapning og for profilering av nordisk mat og matkultur både nasjonalt og internasjonalt. Satsinga på nordisk mat blir vidareført med eit nytt program som starta opp i 2010. Programmet skal arbeide for å styrkje dei nordiske mattradisjonane og dei nordiske fortrinna i matproduksjonen. Frå norsk side legg ein stor vekt på mat til mange og på kvardagsmat, som òg skal fremje helse og velvære. Innsatsen vil bli retta mot heile verdikjeda og skal mellom anna framheve nordisk matkultur for å fremje turisme og eksport av mat. Kommunikasjon skal vere sentralt i programmet. I tillegg til hovudbodskapen skal kommunikasjon føre til rask utveksling av kunnskap og erfaringar mellom dei nordiske landa.

Programmet «Klimaeffektar på primærnæringane – tilpassingar og tiltak» er ei oppfølging under globaliseringsinitiativet. Det skal klarleggje korleis primærnæringane kan bli påverka av klimaendringane, og tek utgangspunkt i nasjonale prioriteringar og nasjonale styrkeposisjonar. Programmet skal styrkje og effektivisere den samla nordiske forskinga på området. Det er sett ned ei tverrsektoriell styringsgruppe for prosjektet. Prosjektet skal strekkje seg til 2012 med sikte på vidare drøfting og nordisk tilråding det året.

Det nordiske samarbeidet om genressursar for landbruket er samordna og lagt under Nordisk genressurssenter (NordGen). Etableringa av NordGen gjer at Norden kan profilere og posisjonere seg godt i det internasjonale genressursarbeidet. Utfordringane som er knytte til genressursarbeidet, er raskt aukande både nasjonalt og internasjonalt. Det gjeld generelt for å bevare genmateriale som kan bli viktig for matproduksjonen og mattryggleiken i framtida, og det er knytt til meir spesifikke forhold som m.a. dei forventa klimaendringane, som fører til at den biologiske produksjon må gå føre seg under andre vekstforhold enn no.

Ei arbeidsgruppe la i mai 2010 fram ein rapport om framtida for NordGen («NordGen säkrar biologisk livsgrund för nutid och framtid»). Framtida for NordGen blei drøfta på FJLS-ministermøtet i København i mars i 2011, og drøftingane haldt fram på ministermøtet i Finland i juli 2011.

NordGen har ansvaret for drifta av frølageret på Svalbard gjennom ein eigen avtale mellom Landbruks- og matdepartementet, Global Crop Diversity og NordGen. Frølageret på Svalbard inneheld no meir enn 648 000 frøprøvar (mai 2011) frå mange land, som er deponerte for sikker langtidslagring i frøkvelvet. I frøkvelvet kan det oppbevarast duplikatorar av frøsamlingar frå andre genbankar, slik at tilsvarande frø kan hen-

tast ut dersom katastrofar, ulykker eller anna fører til at ordinære samlingar går tapt. Frølageret på Svalbard er eit sentralt og viktig bidrag til å sikre det biologiske mangfaldet i landbruket.

NordGen er òg ansvarleg for sekretariatet for eit internasjonalt råd for frøkvelvet. Rådet har som oppgåve å følgje med på drifta og gje råd til Landbruks- og matdepartementet. Det ligg til rette for auka nordisk innsats i planteforedlingsarbeidet. Ein privat-offentleg partnerskap med nordiske selskap og offentlege lærestader om frøforedlingsprosjekt for utvalde vekstslag er oppretta med sekretariat i NordGen. Det startar opp i 2011 med prosjekt innan korn og fôrvekstar, som er prioriterte vekstar sett frå norsk side. Arbeidet er viktig for å møte behovet for eit breiare utval av plante-materiale i mat- og fôrproduksjonen i dei nordiske landa. Dette arbeidet er svært viktig når vekstvil-kåra endrar seg. Det er venta at ein slik innsats vil ha svært god nordisk nytte. Dette nordiske arbeidet skal tilpassast det nasjonale arbeidet i landa.

Det nordiske samarbeidet om skogbruk har politisk sett vorte viktigare i dei seinare åra. Det er svært god nordisk nytte i samarbeidet om skogbruk. I dei nordiske landa står ein overfor ganske like utfordringar, mellom anna i samband med klimaendringar.

Selfossdeklarasjonen frå 2008 illustrerer korleis det nordiske skogbruket best kan møte klimaendringar og krav om god vasskvalitet. Frå før hadde ein Nørrebrodeklarasjonen, som særleg var retta mot fleirbruk av skog.

Selfossdeklarasjonen omhandlar skog og vasskvalitet, skogen som energikjelde, kriterium for miljømerking av biodrivstoff, skogen som middel for avgrensing av klimaendringar og klimatilpassingar av skog. Deklarasjonen går òg inn på nordisk samarbeid for genetisk tilpassing av skog og forslag til betre nordisk samarbeid om skogforskning sett i lys av utfordringar framover. Embetsmannsgruppa for skogbruk arbeider med å følgje opp deklarasjonen, mellom anna med forslag om policyretta tilrådingar til dei nordiske strukturane i skogssamarbeidet, men òg om direkte tiltak som til dømes ulike aktivitetar som aktuelle nordiske aktørar bør gjennomføre.

5.7 Økonomi- og finanspolitikk

Hovudmåla med nordisk samarbeid på det økonomiske og finansielle området er høg og berekraftig vekst i produksjon og sysselsetjing, låg arbeidsløys og låg og stabil prisstiging. Vidare

skal samarbeidet fremje nordiske interesser internasjonalt. EU-saker har høg prioritet. Samarbeid og informasjonsutveksling om skattespørsmål er òg eit fast innslag på finansministtermøta. Vidare er det venta at arbeidet med å avvikle grensehinder mellom dei nordiske landa framleis kjem til å utgjere ein viktig del.

I åra framover vil ei aldrande befolkning leggje auka press på offentlege finansar. For å møte denne demografiske utfordringa legg alle dei nordiske landa stor vekt på høg yrkesdeltaking og på å styrkje statens formuesposisjon. Dette speglar seg i ein aktiv arbeidsmarknads- og sysselsetjingspolitikk, pensjonsreformer og målsetjingar om vedvarande budsjettoverskot for offentlig sektor.

For å motverke skatteflukt vedtok dei nordiske finansministrane i 2006 å samarbeide om å inngå *avtalar med skatteparadis om informasjonsutveksling*. Prosjektet har vore ein suksess og resultert i at dei nordiske landa hittil har inngått bilaterale avtalar om informasjonsutveksling med meir enn tretti jurisdiksjonar. Fleire avtalar er venta underteikna i 2011. Det er vedteke at prosjektet skal forlengjast til 2012. Prosjektet har fått mykje positiv merksemd, og Norden ligg på toppen når det gjeld inngådde avtalar med land som OECD har klassifisert som skatteparadis.

Dei nordiske finansministrane vedtok i 2009 å starte eit *nytt nordisk økonomisk tidsskrift* som heiter «Nordic Policy Review». Formålet er å kaste lys over økonomisk-politiske spørsmål ut frå eit nordisk perspektiv og fremje diskusjonen om slike saker i dei nordiske landa. Tidsskriftet kjem to gonger i året. Det er etablert ei styringsgruppe med representantar frå finansdepartementa i dei fem nordiske landa og to akademiske forskarar. I samband med utgjevingane blir det arrangert eit fagseminar om emna som er tekne opp i tidsskriftet. Første utgjeving var hausten 2010, og andre nummeret kom ut hausten 2011. Nordisk ministerråd dekkjer delar av kostnadene med tidsskriftet.

Det er gjennomført tiltak, m.a. knytt til den nordiske skatteportalen, for å *byggje grensehinder mellom dei nordiske landa ytterlegare ned*.

Samarbeidet på miljøøkonomiområdet blir vareteke av ei felles arbeidsgruppe under embetsmannskomiteen for miljø og embetsmannskomiteen for økonomi- og finanspolitikk. Gruppa er eit forum for faglege diskusjonar og gjev også høve for dei nordiske landa til å koordinere førebuingar til internasjonale møte. Gruppa har avslutta fleire prosjekt i 2011 og har fleire større prosjekt under planlegging og oppstart.

Verksemda i Den nordiske investeringsbanken (NIB) i 2010

Banken er eigd av dei nordisk og baltiske landa. Banken har til oppgåve å gje lån og stille garantiar til prosjekt som er av interesse for medlemslanda og andre land som tek imot slike finansielle tenester. Lån og garantiar skal gjevast på bankmessige vilkår og vere i samsvar med samfunnsøkonomiske omsyn. Låneaktivitetane omfattar m.a. investeringslån til verksemdar i to eller fleire medlemsland, finansiering av miljø- og infrastrukturinvesteringar, lån til regionalpolitiske kredittinstitusjonar, ordinære investeringslån utanfor Norden og prosjektinvesteringslån til kredittverdige utviklingsland og land i Sentral- og Aust-Europa.

Banken hadde eit overskot på 211 mill. euro eller om lag 1,6 mrd. kroner for rekneskapsåret 2010, mot eit overskot på 324 mill. euro året før. Overskotet har samanheng med auka internasjonale renter og høgare marknadsverdi på bankens handelsportefølje. I 2010 blei det ikkje utbetalt utbytte til eigarane.

NIB fekk grunnkapitalen sin styrkt i 2011 ved at medlemslanda utvida garantiforpliktinga si med 2 mrd. euro. For Noreg innebar dette ein auke i garantiansvaret på 527,7 mill. euro, og Noreg fekk sin eigardel i banken auka frå 19,1 til 21,5 prosent.

NIBs samla utlån og garantiar var ved utgangen av 2010 på 13,8 mrd. euro eller om lag 108 mrd. kroner, og av dette var utbetalingane i 2010 på 1,3 mrd. euro. Uteståande lån og garantiar til medlemslanda var på 11 mrd. euro eller om lag 86 mrd. kroner.

Banken har eit formelt samarbeid med 38 land utanfor Norden og Baltikum. Utlåna til desse landa kom i 2010 opp i eit samla beløp på 2,8 mrd. euro, som er noko mindre enn i dei føregåande åra. NIB deltek òg i miljøfinansiering. I 2010 gjekk 48 prosent av innvilga lån til miljøprosjekt.

5.8 Sosial og helse, inkl. narkotika

Ny institusjonsstruktur

Som eit ledd i moderniseringa av Nordisk ministerråd vedtok dei nordiske samarbeidsministrane i desember 2008 den endelege institusjonsstrukturen på sosial- og helseområdet. Den nye institusjonsstrukturen vart teken i bruk 1. januar 2009 og innebar etablering av ein ny institusjon på det sosiale området med namnet Nordens velferds-senter (NVC), med hovudkontor i Stockholm. NVC er ei samanslåing av Nordisk samarbeidsorgan for handikapspørsmål, Nordisk utviklingsssen-

ter for hjelpemiddel og Nordisk utdanningssenter for utvikling av sosialservice. Nordisk senter for alkohol- og narkotikaforsking og Nordisk utdanningssenter for døvblinde, som høvesvis held til i Helsingfors og i Dronninglund på Jylland, er omdanna til dotterinstitusjonar under den nye institusjonen. Den nordiske høgskulen for folkehelsevitskap (NHV) i Göteborg består som institusjon på helseområdet, og det er lagt opp til eit utstrekt samarbeid mellom NVC og NHV. Nordisk institutt for odontologiske materiale (NIOM) er frå januar 2010 omdanna til eit nordisk samarbeidsorgan, organisert som dotterselskap under statsaksjeselskapet UniRand AS ved Universitetet i Oslo, med verknad frå januar 2010. Helse- og omsorgsdepartementet eig 49 prosent av aksjane i NIOM AS, medan UniRand AS eig 51 prosent. Hovudformålet med omdanninga er å finne ei tenleg og effektiv driftsform og å oppnå synergieffekt ved tilknyttinga til universitetsmiljøa, samtidig som den nordiske profilen på verksemda vert vidareutvikla. NIOM flytta i desember 2010 inn i nye lokale ved Ullevål stadion. Alle kostnader med flyttinga og innreiing av dei nye lokala blei finansierte av Helse- og omsorgsdepartementet, jf. Prop. 1 S (2010–2011) og Stortingets behandling av denne. Den nye lokaliseringa med moderne laboratorieutstyr legg til rette for tverrfagleg forskingsaktivitet i samarbeid med medisinske miljø og universitetsmiljø.

Status på samarbeidsområde

Nordisk samarbeid om demensforskning

Dei neste 35 åra er det venta ei dobling av talet på demente i Norden. Demens er ein av dei vanlegaste mentale sjukdommane. Innbyggjarane i Norden vert stadig eldre, og fleire enn før er utsette for alderssjukdommar, samtidig som demens òg rammar stadig fleire unge. Dei nordiske landa er ofte for små potensielle marknader kvar for seg til at medisindustrien vil finansiere forsøk med nye behandlingstypar, men saman kan dei nordiske landa ha større gjennomslagskraft. Tettare nordisk samarbeid om demensomsorg og avansert demensforskning vil gje denne gruppa ein betre livskvalitet.

Eit NordForsk-støtta forskarnettverk, «The Nordic Network in Dementia Diagnostics», arbeider for å auke kunnskapen om årsakene til demens. Ei multidisiplinær gruppe som er sett saman av ni forskargrupper frå fem nordiske land og Litauen, samarbeider om å harmonisere diagnostiske arbeidsmetodar og bidra til tidlegare og betre diagnostisering av sjukdommen.

Noreg er åleine i Norden om å ha ein nasjonal plan for demensomsorg og avansert demensforskning. I regi av Demensplan 2015 er det mellom anna sett i gang eit nordisk samarbeidsprosjekt om utvikling av teknologiske hjelpemiddel for yngre personar med demens. Teknologiske hjelpemiddel kan bidra til at menneske med demens kan leve eit sjølvstendig og meningsfylt liv trass i funksjonssvikt og sjukdom.

Japansk-nordisk samarbeid

I eit møte mellom dei nordiske statsministrane og Japans statsminister i 1997 vart det starta eit samarbeid mellom Norden og Japan for å møte dei framtidige omsorgsutfordringane. Samarbeidet tek utgangspunkt i felles utfordringar med ei aldrande befolkning og byggjer på gjensidig kunnskapsutveksling om korleis landa møter omsorgsutfordringane i dag og i framtida.

Det er halde åtte seminar i perioden 1997–2009. Intensjonen med seminara er å bidra til erfaringsutveksling og gjensidig læring. Målet er at landa skal kunne dra nytte av kunnskap, modelar/verktøy og politikkutforming som deltakarane utviklar for å kunne møte utfordringane i framtida og for å identifisere felles utfordringar som landa ikkje kan løyse åleine. Erfaringane frå seminara er at denne kunnskapsutvekslinga er viktig og gjev partane nye idear og ny kompetanse om aktuelle metodar og verkemiddel for å løyse dei felles utfordringane ein står overfor, som særleg er knytte til ei stadig større aldrande befolkning.

Kvalitet og pasienttryggleik

Noreg deltek i ei ekspertgruppe under EK-S som blei sett ned under den danske formannskapet, og som har fått mandat til å vurdere utsiktene for eit nordisk samarbeid om høgspesialisert pasientbehandling. Arbeidet skal konkretiserast og følgjast opp under den norske formannskapet.

Noreg har delteke i arbeidet med å utarbeide felles nordiske kvalitetsindikatorar for helsesektoren. Under den norske formannskapet vil vi ta initiativ til å vidareføre det nordiske samarbeidet om pasienttryggleik og kvalitet. Noreg vil òg foreslå eit samarbeid om tiltak som kan fremje pasienttryggleikskultur og læringskultur både i og utanfor sjukehus. I tillegg vil vi foreslå tiltak for å rekruttere og behalde tilsette i dei kommunale helse- og omsorgstenestene.

Innovasjon i helse- og omsorgstenesta

Den demografiske utviklinga fører til at det i åra framover blir relativt fleire eldre og færre i arbeidsfør alder til å pleie dei. Lik tilgang til likeverdige helse-, omsorgs- og velferdsstenester må framleis vere ein av berebjelkane i den nordiske velferdsmodellen. Hjelpemiddel og ny teknologi kan gje nye moglegheiter for eit meir sjølvstendig og meningsfylt liv og overta mange av rutineoppgåvene som pleie- og omsorgspersonell utfører i dag. Det er behov for eit nærmare samarbeid mellom offentlege myndigheiter, næringsliv, forskning og utvikling når det gjeld å finne nye løysingar på omsorgs- og velferdsutfordringane i framtida. Vidare er IKT eit sentralt verktøy for å oppnå betre kvalitet i helse- og omsorgssektoren. Teknologien gjer at nødvendig helseinformasjon kan vere tilgjengeleg for helsepersonell gjennom heile pasientforløpet, og pasient og brukar kan vere ein aktive deltakar i spørsmål og problemstillingar rundt eiga helse gjennom tilrettelagde nettenester. Noreg vil under sin formannskap foreslå eit nordisk samarbeid for å drøfte løysingar på omsorgs- og velferdsutfordringane i framtida.

Noreg har vore leiar for ei arbeidsgruppe i regi av EK-S som skal greie ut korleis det kan etablerast eit nordisk samarbeid for å auke omfanget av kliniske studiar på nye behandlingsmetodar i Norden. Formålet vil vere å gje pasientar raskare tilgang til ny behandling med tilstrekkeleg vitenskapleg dokumentasjon av nytte og biverknader og å auke omfanget av både industrifinansierte og offentleg initierte kliniske studiar. Noreg vil følgje opp forslaget under sin formannskap.

Alkohol

Dei nordiske sosial- og helseministrane vedtok i 2004 å samarbeide om alkoholpolitiske spørsmål i internasjonale organ. Det er særleg overfor Verdas helseorganisasjon og EU slikt samarbeid er etablert. Nordisk senter for alkohol- og narkotikaforskning (NAD), seinare NVC Finland, har sidan 2004 utarbeidd ein årleg statusrapport for dei nordiske sosial- og helseministrane. Etter vedtak på det nordiske ministerrådsmøtet i Visby i juni 2008 er det sett ned ei nordisk tenestemannsgruppe for alkoholpolitisk samarbeid til å organisere det praktiske samarbeidet.

Europakommisjonen la hausten 2006 fram ein kommunikasjon om ein alkoholpolitisk strategi for EU. Det er sett i gang eit omfattande arbeid rundt oppfølginga av tiltaka i strategien, og det blir arbeidd nordisk for å sikre oppfølging også

etter at strategien blir avslutta ut i 2012. Verdas helseforsamling vedtok i 2010 ein global strategi for å redusere skadeleg bruk av alkohol. Det nordiske samarbeidet var viktig i framkant av dette vedtaket og er òg ein viktig kanal i oppfølginga av strategien. Vidare knyter det seg eit kontinuerleg samarbeid til partnerskapen for helse og livskvalitet under Den nordlege dimensjonen, der det mellom anna er ei eiga ekspertgruppe for alkoholskadar.

Narkotika

Nordisk narkotikaforum, eit uformelt nordisk samarbeid på embetsnivå, blei arrangert i Ilulissat på Grønland 24.–26. august 2010. Representantar frå dei nordiske landa deltok. Eit sentralt tema var om det er mogleg og formålstenleg å arbeide for ein felles nordisk strategi på narkotikafeltet. Forumet konkluderte med at

- det allereie i dag eksisterer eit utstrekt og fruktbart samarbeid mellom dei nordiske landa og dei sjølvstyrte områda på narkotikafeltet
- dei grunnleggjande narkotikapolitiske synspunkta som landa og dei sjølvstyrte områda er same om, utgjer eit godt fundament for å fasthalde og utvide samarbeidet
- erfaringsutveksling og dialog er eit betre grunnlag for å byggje ut samarbeidet enn ein formalisert strategi
- Nordisk narkotikaforum også framover vil ha fokus på å utvikle den erfaringsutvekslinga og dialogen som finn stad på årlege møtet i forumet og mellom møta
- Nordisk narkotikaforum i den samanhengen mellom anna vil halde temadrøftingar om vesentlege narkotikapolitiske spørsmål med sikte på at likskapar og forskjellar i synspunkta til landa og dei sjølvstyrte områda kan tene til gjensidig inspirasjon for utviklinga av den nasjonale narkotikapolitikken

Møte vart halde i Finland i august 2011.

Helseberedskapssamarbeid

Dei nordiske landa har lang tradisjon for samarbeid om helseberedskap. Den nordiske helseberedskapsavtalen frå 2002 dannar den formelle ramma. Som ledd i oppfølginga av St.meld. nr. 37 (2004–2005) Flodbølgekatastrofen i Sør-Asia og avgjerda til utanriksministrane frå 2005 om å styrkje samarbeidet mellom dei nordiske landa ved kriser og katastrofar i utlandet har ei arbeids-

gruppe tilrådd eit formalisert samarbeid på dette området. Det blir samarbeidd om førebyggjande tiltak, varsling, gjennomføring av redningsarbeidet, etikk, rapportering, evaluering, kommunikasjon og informasjonsutveksling. Det er utarbeidd retningslinjer som konkretiserer rutinar og prosedyrar for dette samarbeidet. Samarbeidet ved kriser skal prøvast hausten 2011 i to store feltøvingar, Skag Ex 11 og Barents Rescue 11. Ved fleire høve har det nordiske helseberedskapssamarbeidet vore til nytte under hendingar dei seinare åra, mellom anna pandemien i 2009, hendinga med vulkansk oske frå Island i 2010 og 2011 og jordskjelvet, tsunamien og atomulykka i Japan i 2011. Ved dessa høva har dei nordiske landa samarbeidd, utveksla informasjon og ytt kvarandre rask hjelp. Norske helsestyresmakter summerer for tida opp erfaringane med handteringa av pandemien (H1N1). Dette vert m.a. gjort gjennom eit samarbeid med dei andre nordiske landa. Frå norsk side ser vi på dette som eit svært viktig samarbeidsområde.

Kommunal- og regionaldepartementet deltek i ein del samarbeid/erfaringsutveksling på departementsnivå knytt til arbeidet med å avskaffe bustadløyse.

Utsette barn og unge

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet vil medverke til at barneperspektivet blir vareteke gjennom det nordiske samarbeidsprogrammet på området. Det nordiske ministerrådet for sosial- og helseområdet vedtok i juni 2010 at prosjektmidlane i sektoren i 2011–2012 særleg skulle brukast på emnet tidleg førebyggjande innsats for familiar med risiko for sosial marginalisering. Embetsmannskomiteen for sosial- og helseområdet (EK-S) har fått i oppdrag å implementere avgjerder gjennom ein tredelt prosjektorganisasjon samansett av Nordens Velferdssenter, ei referansegruppe av nasjonale ekspertar og EK-S, som er eigar av prosjektet og fungerer som styringsgruppe.

Internnordiske trygdespørsmål

Ei arbeidsgruppe som blei sett ned i april 2008, leverte sommaren 2009 sitt forslag til ny nordisk konvensjon om trygd til den nordiske sosialforsikringsgruppa (trygdegruppa). Den nye konvensjonen tek sikte på tilpassingar til nye EF-forordningar på området og skal etter planen gjelde frå den tid dei nye forordningane blir ein del av EØS-avtalen. Etter dei signala Island og Liechtenstein

har gjeve om sine godkjenningssprosedurar, vil dette tidlegast kunne skje i byrjinga av 2012.

5.9 Arbeidsmarknad og arbeidsmiljø

Ministerrådet for arbeidsliv har halde fram med å samarbeide med utgangspunkt i samarbeidsprogrammet for perioden 2009–2012. Dei to globaliseringsprosjekta i tilknytning til programmet Helse og velferd er sette i gang i løpet av 2011. Det eine prosjektet skal sjå på migrasjonsmønster, arbeidsvilkår og rekrutteringspraksis for arbeidsinnvandrarar frå Sentral- Europa til dei nordiske landa. Det andre vil ta opp spørsmålet om korleis mellom anna arbeidslivspolitikken kan medverke til å styrkje utsiktene for at dei nordiske landa får utbytte av nye økonomiske vekstområde. EK-A har to fagutval – arbeidsmiljøutvalet og arbeidsmarknadsutvalet – som er aktive i styringa av dei to globaliseringsprosjekta, som etter planen skal avsluttast i andre halvår 2012.

På møtet i ministerrådet for arbeidsliv (MR-A) blei dei nordiske landa sin innsats mot arbeidsløyse blant unge diskutert. Dette var ei oppfølging av diskusjonane under den islandske formannskapen om same temaet i 2009, og diskusjonen gjekk føre seg på bakgrunn av ei særskild kartlegging av kva tiltak landa har sett i verk for å motverke den auka arbeidsløysa blant ungdom, og kva tiltak som blir sette inn overfor gruppa med tanke på den framtidige mangelen på arbeidskraft. Representantar for Ungdommens Nordisk råd, Nordens faglege samanslutning og Dansk Arbejdsgiverforening deltok òg i temadrøftinga. Det blei vedteke at arbeidsmarknadssituasjonen for dei unge skal takast med som eit eige punkt i landrapportane om arbeidslivet i dei nordiske landa som blir lagde fram for MR-A-møta.

Den norske formannskapen vil prioritere eit inkluderande arbeidsliv og innsatsen dei nordiske landa gjer for å sikre høg sysselsetjing og låg arbeidsløyse. Dette er i tråd med programmet for Nordisk ministerråds samarbeid på arbeidslivsområdet 2009–2012. Eit meir inkluderande arbeidsliv skal fremje arbeidsmoglegheiter for dei som kan og vil arbeide, og bidra til sosial inkludering. Formannskapsprogrammet skal òg bidra til å styrkje yrkesaktiviteten blant eldre.

I 2012 vil søkjelyset særleg bli retta mot inkludering og tilrettelegging for yrkesdeltaking for vanskelegstilte og utsette grupper i arbeidslivet. Dette gjeld mellom anna arbeidet for redusert sjukefråvær og tilrettelegging for at personar med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i arbeidsliv.

Den norske formannskapen vil arrangere ein erfaringskonferanse mellom dei nordiske landa. Formålet er å fremje kunnskap om tiltak som gjev god effekt, for å sikre eit meir inkluderande arbeidsliv og motverke utstøying av vanskelegstilte og utsette grupper i arbeidslivet.

2012 er EU-året for aktiv aldring. Dette året skal eldres deltaking i arbeidslivet vere i fokus. Det skal takast initiativ til ein nordisk konferanse som skal bidra til den samla kunnskapsutvekslinga på området aktiv aldring.

I 2010 blei det sett ned ei ekspertgruppe under EK-A og EK-S som fekk i mandat å kartlegge grensehindera for velferdsyttingar på arbeidsmarknads- og sosialområdet, og som skal komme med løysingsforslag der det blir konstatert behov for det. Ekspertgruppa skal levere sin rapport i første halvdel av 2012, og den norske formannskapen vil bruke denne gjennomgangen som grunnlag for ein konferanse der grenshinder mellom dei nordiske landa kan takast opp til diskusjon.

Noreg skal i 2012 leie arbeidet med å utarbeide eit nytt samarbeidsprogram på arbeidslivsområdet under Nordisk ministerråd for perioden frå 2013.

5.10 Ernæring og mattryggleik

Ministerrådet for fiskeri, havbruk, jordbruk, næringsmiddel og skogbruk (MR-FJLS) og ministerrådet for sosial- og helsepolitikk (MR-S) vedtok i juli 2006 ein nordisk handlingsplan for betre helse og livskvalitet gjennom mat og fysisk aktivitet. Som eit ledd i oppfølginga av planen vart det i 2009 gjennomført eit pilotprosjekt for felles nordisk overvaking av kosthald, fysisk aktivitet og overvekt. Nullpunktmåling av fysisk aktivitet, kostvanar og førekomst av overvekt blir gjennomført blant barn og vaksne i alle land i 2011. Den første statusmålinga skal gjennomførast i 2013.

Monitoreringssystemet skal vurdere effekten av politiske tiltak opp mot mål og visjonar i handlingsplanen. Arbeidet blir finansiert av globaliseringsinitiativet Helse og velferd. Med utgangspunkt i handlingsplanen er det òg etablert eit nordisk nettverk for fysisk aktivitet, mat og helse i regi av Helsedirektoratet, Statens folkhälsoinstitut og Sundhedsstyrelsen. Nordiska högskolan för folkhälsovetenskap i Göteborg er sekretariat. Nettverket omfattar òg regionalt nivå i dei tre landa. Det overordna målet for nettverket er å bidra til å fremje utviklinga og utbreiinga av effektive reseptmodellar og lågterskelaktivitetar som gjennom det offentlege tilbodet kan medverke til

å endre levevanar. Nettverket gav i 2010 ut ein rapport om fysisk aktivitet på resept og arrangerte ein nordisk konferanse der temaet var forskning på førebyggjande tiltak innan fysisk aktivitet og kosthald, og som hadde fokus på å fremje nordisk samarbeid på området. På sommarmøtet i MR-FJLS 2009 vart det lagt fram ein statusrapport for handlingsplanen.

Som oppfølging av handlingsplanen er det utarbeidd ein katalog over «best practice» på området sunn livsstil i ungdomsutdanningar i Norden. Noreg har bidrege med eksempel frå vidaregåande skule. Katalogen kan sjåast som ei utviding av den nordiske katalogen over «best practice-initiativ» for barn og unge mellom 0 og 15 år. Det er òg løyvd midlar til eit prosjekt om friluftsliv og helse. Kombinasjonen av fysisk aktivitet og naturopplevingar har stort potensial som helsefremjande aktivitet.

Noreg, Sverige og Danmark innførte den felles nordiske ernæringsmerkeordninga «Nøkkelholet» som ei felles frivillig merkeordning for sunne matvarer i 2009. Det er utarbeidd felles kriterium for bruk av ordninga og ein informasjonsbrosjyre til forbrukarane på 14 språk. Det er òg sett i gang prosjekt for å undersøkje verknadene av merkeordninga. Arbeidet med revidering av kriteria skal starte opp i 2011. Det er sett i gang eit arbeid for å vurdere om nøkkelholordninga kan innførast i serveringsmarknaden for å bidra til sunnare mat på farten.

Nordiske næringsstoffanbefalingar (NNR) frå 2004 skal reviderast. NNR dannar grunnlag for arbeidet med ernæringssspørsmål i Norden. Nye anbefalingar (NNR 5) vil vere klare i 2012. Det felles veterinære beredskapssamarbeidet i Norden har framleis høg prioritet. Målsetjinga er å styrkje beredskapen i dei nordiske og baltiske landa på dyrehelseområdet. Samarbeidet har brei deltaking frå dei nordiske og dei baltiske landa, og i 2010 vart arbeidet utvida til å femne Austersjøregionen innanfor rammene av EUs austersjøstrategi.

Mikrobiologi er eit anna satsingsområde. Det vart i 2010 arrangert ein vellykka workshop som resulterte i eit prosjekt som skal sjå nærmare på fastsetjing av risikobaserte mikrobiologiske kriterium i Norden. I det nordiske klimasamarbeidet blir beredskap mot nye plante- og dyresjukdommar ei viktig utfordring i åra som kjem. Det er sett i gang fleire nordiske prosjekt knytte til moglege «nye» dyresjukdommar som kan komme som følge av klimaendringar.

5.11 Likestilling

I 2010 blei ministerrådet for likestilling einig om eit nytt fireårig samarbeidsprogram, «Likestilling skaper eit berekraftig samfunn». Som ein del av arbeidet med nytt samarbeidsprogram tok den danske formannskapen initiativ til å få evaluert NIKK (Nordisk institutt for kunnskap om kjønn) si rolle og tilknytning til Nordisk ministerråd. Programmet er tredelt og omfattar samarbeidet i Norden, samarbeidet med dei tre baltiske statane og samarbeidet med Nordvest-Russland.

Overordna tema for det nordiske likestillings-samarbeidet i det fleirårige samarbeidsprogrammet for Norden (det vil seie Danmark, Finland, Island, Noreg og Sverige og dei tre sjølvstyrte områda Færøyane, Grønland og Åland) er:

1. *Likestilling på arbeidsmarknaden*
2. *Likestilling i utdanninga*
3. *Kjønn, etnisitet og likestilling*
4. *Nulltoleranse mot kjønnsrelatert vald*

For samarbeidet mellom Norden og dei tre baltiske landa Estland, Latvia og Litauen:

1. *Likestilling på arbeidsmarknaden*
2. *Likestillingsopplæring*
3. *Likestilling/likebehandling i det offentlege rom og i media*
4. *Nulltoleranse mot kjønnsrelatert vald*

For samarbeidet mellom Norden og Nordvest-Russland:

1. *Likestillingsopplæring*
2. *Nulltoleranse mot kjønnsrelatert vald*

Samarbeidsprogrammet har to tverrgående tema som skal integrerast i alle områda og samarbeidskonstellasjonane som er omtalte i programmet. Desse temaa er integrering av eit kjønns- og likestillingsperspektiv og aktiv deltaking av menn og gutar.

Prioriteringa av tema i samarbeidsprogrammet skal fortløpande evaluerast og tilpassast av kvar formannskap i den årlege handlingsplanen. Ministerrådet for likestilling har vedteke at det under den norske formannskapen i 2012 skal gjerast ei grundigare midtvegsevaluering med vurdering for kvar av dei tre samarbeidskonstellasjonane og innhaldet i dei. I tillegg vil ein i 2012 implementere dei vedtekne endringane når det gjeld framtidig organisering og finansiering av NIKK.

Under World Economic Forum i 2011 blei rapporten «The Nordic Way» presentert. Rapporten forklarar kvifor Norden som region takla

finanskrise betre enn andre. Blant årsakene er element som inngår i den nordiske velferdsstaten, m.a. likestilling.

Under den norske formannskapen i 2012 er det fireårige samarbeidsprogrammet «Likestilling skaper eit berekraftig samfunn» for perioden 2011–2014 inne i sitt andre år. I det nordiske likestillingssamarbeidet vil Noreg knyte band både til den tidlegare finske formannskapen i 2011 og den kommande svenske formannskapen i 2013.

5.12 Justissektoren

Det nordiske lovsamarbeidet har på grunnlag av Helsingforsavtalen frå 1962 til mål å skape mest mogleg einsarta lovgjeving i dei nordiske landa. Samarbeidet blir drive fram gjennom kontinuerleg innsats for å utveksle informasjon og erfaringar om lovgjevingsarbeid og å tilpasse og revidere lovgjevinga med sikte på størst mogleg samanfall. Under Sveriges formannskap i Nordisk ministerråd var ei av prioriteringane å fremje nordisk rettslikskap i samband med gjennomføringa av fellesskapsrettsakter, mellom anna rettsakter omfatta av EØS-avtalen, i nasjonal rett. Som ledd i dette arbeidet utarbeidde dei nordiske justisdepartementa i 2008 ein promemoria som gjer greie for korleis og i kva samanhengar det vert samarbeidd for å få til like reglar i Norden. Promemoriaen er sendt alle departementa i dei nordiske landa. Helsingforsavtalen og verdien av nordisk rettseinskap blei òg tekne opp på Forum for lovteknikk og lovførebuing våren 2010.

I desember 2010 fekk embetsmannskomiteen for nordisk lovsamarbeid overlevert ei utgreiing om lovval, jurisdiksjon og godkjenning av avgjerder om gjeldsordningar. Både Noreg, Danmark, Finland og Sverige har reglar om gjeldsordningar, men dei er ikkje tilpassa grenseoverskridande saker. I utgreiinga vert det foreslått at dei nordiske landa skal ha like reglar om vernetting, lovval og godkjenning. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet arbeider vidare med saka.

Også når det gjeld utlevering av lovbrutarar, er det eit tett samarbeid mellom dei nordiske landa. Utlevering av lovbrutarar mellom dei nordiske landa er i dag regulert av felles nordisk lovgjeving. Dei nordiske statane undertekna 15. desember 2005 ein konvensjon om nordisk arrestordre, som inneber at gjeldande fellesnordisk utleveringsordning skal erstattast av eit nytt og meir effektivt system for overlevering av personar som er sikta eller domfelte i eit nordisk land. Avtalen er gjennomført i norsk rett ved lov av 19. septem-

ber 2008 om pågrep og overlevering mellom dei nordiske stater på grunn av straffbare forhold (lov om nordisk arrestordre). Lova er ikkje sett i kraft.

Den 24. juni 2011 la regjeringa fram forslag til lov om pågrep og overlevering for straffbare forhold på grunnlag av ein arrestordre (Prop. 137 LS (2010-2011)). Forslaget gjennomfører ein avtale frå 28. juni 2006 mellom Den europeiske unionen og Island og Noreg om overleveringsprosedyre mellom partane. Lovforslaget tek òg opp i seg lov om nordisk arrestordre.

I dag går det ikkje alltid like greitt å overføre ein som er dømd til samfunnsstraff, til soning i eit anna nordisk land. Embetsmannskomiteen for nordisk lovsamarbeid har derfor gjeve ein utgreiing i oppdrag å sjå nærmare på problemstillinga og komme med forslag til moglege løysingar. Utgreiaren har fått frist til april 2012 med å levere utgreiinga.

Det nordiske politisamarbeidet er under utvikling og vert til ein viss grad påverka av prosessar og initiativ i EU. Det er ein naturleg konsekvens av at tre av dei nordiske landa er medlem i EU, medan Island og Noreg står utanfor. Mellom anna vil den såkalla Prüm-avtalen, som no er ein del av EU-regelverket, vere grunnlaget for nye tiltak innan nordisk politisamarbeid. Det svenske *Justitiedepartementet* har teke imot ei utgreiing om åuka politisamarbeid i Norden og i EU. Denne vil danne eit utgangspunkt når ein etter kvart skal sjå nærmare på korleis samarbeidet bør organiserast.

Men også i ein nordisk samanheng er det ønske om å gjere det nordiske politisamarbeidet meir slagkraftig. Dei nordiske justisministrane har derfor gjeve rikspolisjefane i oppdrag å undersøke kva for tiltak som kan forbetre samordninga av politiets innsats i Norden, særleg mot mobile vinningskriminelle. Rikspolisjefane skal levere sitt forslag i 2012.

Det nordiske politisamarbeidet er i aukande grad prega av at dei baltiske landa og andre land som grensar til Austersjøen, vert trekte med i det tette operative samarbeidet som er etablert mellom dei nordiske landa. Til dømes involverer det nordiske politi- og tollsamarbeidet (PTN) i aukande grad også andre austersjøland i konkrete politi- og tollsaker, og gjennom Austersjørådets Task Force on Organised Crime (BSTF) vil det operative samarbeid i aukande grad involvere Russland. Austersjørådet fornya på toppmøtet i juni i år mandatet til BSTF til og med 2016. Noreg skal leie arbeidet frå 2013, og Justisdepartementet har starta arbeidet med å førebu seg til denne oppgåva.

Samfunnstrygggleik

Det er aukande politisk merksemd om nordisk samarbeid på samfunnstrygggleiks- og beredskapsområdet. Sidan april 2009 er det halde minis- termøte mellom ministrar med ansvar for samfunnstrygggleik og beredskap i Norden. Eit felles og overgripande mål er å førebyggje og avgrense konsekvensar av større ulykker, naturkatastrofar og andre samfunnsskriser. Det går fram av ei felles erklæring frå møtet (Haga-erklæringa) at dei nordiske landa i fellesskap skal undersøkje og konkretisere eit samarbeid innanfor redningsteneste, øving og utdanning, beredskap mot masseødeleggingsmiddel (CBRN), krisekommunikasjon med publikum, bruk av frivillige og forskning og utvikling. Justisministeren var i desember 2009 vertskap for eit nytt møte mellom nordiske ministrar, og eit nytt møte vil finne stad i Finland i november 2011. Ministrane har tidlegare vore samde om at det nordiske samarbeidet skal styrkjast ytterlegare gjennom prosjekt om brannførebyggjande tiltak og potensialet for kapasitetsstøtte i samband med store arrangement i dei nordiske landa. Eit forslag frå ei arbeidsgruppe om auka samarbeid for forskning om samfunnstrygggleik vil bli behandla. Det konkrete oppfølgingsarbeidet frå norsk side skjer i hovudsak på direktoratsnivå.

Rapporten frå Thorvald Stoltenberg om framtidig nordisk utanriks- og tryggingspolitisk samarbeid frå 2009 har òg medverka til auka merksemd om nordisk samarbeid på samfunnstrygggleiks- og beredskapsområdet.

Noreg har sidan juni 2009 hatt formannskapen i det nordiske redningstenestesamarbeidet NORDRED. NORDRED byggjer på ein rammeavtale mellom Danmark, Finland, Sverige, Island og Noreg frå 1989 om samarbeid over territorialgrensene for å hindre eller avgrense skader på menneske, eigedom eller miljøet ved ulykker. Avtalen skal komplettere andre nordiske multilaterale eller bilaterale avtalar på området. Noreg vil i formannskapsperioden (2009-2012) følgje opp avgjerda frå minis- termøtet i april 2009 om at det skal vurderast alternativ for vidareutvikling av NORDRED-arbeidet, mellom anna spørsmålet om dette arbeidet kan utvidast til å omfatte samfunns- trygggleik og beredskap i vidare forstand.

Med bakgrunn i Stoltenberg-rapporten, Haga-erklæringa og NORDREDs arbeid har det vorte oppretta eit nordisk prosjekt, EU Cross Border, med økonomisk støtte frå EU. Formålet er å forsterke det nordiske grenseoverskridande opera- sjonelle arbeidet knytt til redning og beredskap. Det er òg etablert eit nordisk RITS-samarbeid

(redningsinnsats til sjøs), som blant anna har bidrege i samband med øvinga SkagEx11.

Direktoratet for samfunnstrygggleik og beredskap har eit naudsynt og nært samarbeid med dei nordiske landa om internasjonal katastrofehjelp. Det gjeld oppretting og drift av ein felles nordisk leir for innkvartering av naudhjelpsarbeidarar gjennom FN. Saman med systerorganisasjonane i mellom anna Norden, som arbeider saman i nettverket International Humanitarian Partnership (IHP), etablerte og dreiv Norwegian Support team (NST) ein leir for 450 hjelpearbeidarar på Haiti frå januar til oktober 2010. Evalueringar viser at Haiti-oppgdraget var vellykka og innebar ei vesentleg betring for ei rekkje hjelpearbeidarar etter jordskjelvet. Til saman deltok om lang 30 personar frå NST i oppdraget.

I september 2010 etablerte IHP ein leir med kapasitet til å innkvartere 70 hjelpearbeidarar i byen Sukkur i Pakistan. I dette oppdraget har NST berre delteke med personell. Oppdraget blei avslutta i første kvartal i 2011. NST har så langt delteke med i alt åtte personar i dette oppdraget. IHP deltok òg med bistand til Tunisia i samband med flyktningstraumar frå Libya sommaren 2011.

5.13 Flyktningar og migrasjon

Nordisk samrådsgruppe på høgt nivå for flyktningspørsmål (NSHF) er eit uformelt diskusjonsforum for flyktning-, innvandrings- og integreringsspørsmål. Justisdepartementet har hovudansvaret for denne gruppa på norsk side. NSHF har kvart år eit embetsmøte og eit kombinert minis- termøte/ embetsmøte. Det finst for tida to arbeidsgrupper under NSHF: ei om retur og tilbakevending og ei om gjenbusetjing. Arbeidsgruppene har møte 1-2 gonger i året.

Det nordiske samarbeidet er viktig for norske innvandringsstyresmakter. Det gjev høve til informasjonsutveksling og ei opning for å diskutere problemstillingar som er av felles interesse for dei nordiske landa, og byr i tillegg på uformell informasjon om møte og prosessar i EU som Noreg elles ikkje har tilgang til.

Formannskapen i NSHF går på omgang mellom dei nordiske landa, og kvar formannskap utarbeider eit program over tema som det er ønske om å diskutere på minis- termøtet og embetsmannsmøta. Det vart halde eit kombinert embetsmanns- og minis- termøte i Sverige i juni 2011. Island tok over formannskapen etter Sverige i juni 2011 for eitt år framover.

I Nordisk utlendingsutval deltek representantar for utlendingsdirektorata og visumstyresmaktene i dei nordiske landa. Gruppa har bakgrunn i den nordiske passkontrollavtalen og skal ta opp praktiske spørsmål av felles nordisk interesse, til dømes om behandling av visumsaker. Utlendingsdirektoratet (UDI) har hovudansvaret på norsk side. Gruppa har bakgrunn i den nordiske passkontrollavtalen og skal ta opp praktiske spørsmål av felles nordisk interesse, til dømes om behandling av visumsaker. Ansvar for møta i Nordisk utlendingsutval går på omgang mellom dei nordiske landa.

Frå 1968 har det vore eit nordisk samarbeid om felles statsborgarreglar for nordiske borgarar. Det er gjort avtale om gjennomføring av visse avgjerder om statsborgarrettar for nordiske borgarar frå eit anna nordisk land. Ein revidert avtale blei undertekna i København 13. september 2010, men har ikkje tredd i kraft. Kvart år er det nordiske embetsmannsmøte om statsborgarskap der Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet deltek. Det blir òg halde eit uformelt nordisk samarbeidsmøte på lågare nivå om integreringspolitikk. Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi) deltek på vegner av Noreg.

5.14 Administrasjon og forvaltning

Dei sentrale statlege arbeidsgjevarorganisasjonane i dei nordiske landa har i mange år hatt eit nært samarbeid. Det går føre seg gjennom ein statleg arbeidsgjevarkonferanse for alle dei nordiske landa. Konferansen vert arrangert annakvart år, sist hausten 2010 i Finland. I 2012 skal konferansen haldast i Noreg. I tillegg blir det mellom konferansane samarbeidd i grupper som er etablerte på ulike personalpolitiske område.

Det er etablert eit nordisk lønns- og personalutval som består av leiande representantar for den statlege arbeidsgjevarsida i Norden. Utvalet er eit rådgjevande organ for Nordisk ministerråd (samarbeidsministrane) og Nordisk råds presidium i lønns- og personalspørsmål.

Nordisk ministerråd oppretta i 1978 ei tenesuteutvekslingsordning for alle grupper av statstilsette i dei nordiske landa. Etter eit avbrot er ordninga no gjeninnført. Ordninga har til formål å styrkje samarbeidet mellom dei nordiske statsetatane og gje impulsar til nytenking på eige arbeidsfelt. Ministerrådet løyver kvart år pengar til stipendmidlar for utvekslinga. Årleg vert det gjennomført to samarbeidsmøte med dei andre nordiske landa.

I Nordisk forvaltningspolitisk forum har departementa i dei nordiske landa med ansvar for forvaltningspolitikk jamlege møter for å utveksle erfaringar og diskutere aktuelle saker. Leiinga av forumet følgjer formannskapet i Nordisk ministerråd, og møtet i 2012 skal haldast i Noreg. Møtet i 2011 bli halde i Helsingfors 26. mai.

Dei nordiske konkurransestyresmaktene har eit nært samarbeid gjennom møte, pågåande nasjonale saker og fellesnordiske prosjekt. Konkurransestyresmaktene samarbeider til dels òg om utvikling av konkurransereglar i EU/EØS og andre internasjonale fora.

Det blir halde nordisk plenumsmøte kvart år i august/september, med deltakarar frå Danmark, Finland, Færøyane, Grønland, Island, Noreg og Sverige. I år vart plenumsmøtet i Helsingfors. Eit sentralt tema for møtet vart arbeidet med eit felles nordisk prosjekt med temaet «Competition Policy in the Nordic Welfare States». Prosjektet skal etter planen oppsummerast i ein rapport som skal presenterast for direktørane på nordisk direktørsmøte våren 2012.

I tillegg blir det halde årlege møte der direktørane for konkurransetilsyna trekkjer opp linjene for det nordiske samarbeidet. Det blir òg halde årlege samarbeidsmøte for juridiske direktørar/sjefsjuristar og sjefsøkonomar, i tillegg til møte i ei nordisk kartellgruppe for etterforskarar.

Datatilsynet har i alle år hatt tett samarbeid og dialog med dei andre nordiske personvernmyndigheitene, både gjennom regulære møte, samarbeidsprosjekt og løysing av konkrete enkeltsaker. Om lag seks gonger i året er alle dei nordiske datatilsyna representerte i den såkalla Artikkel 29-gruppa, som er oppretta etter personverndirektivet artikkel 29. Gruppa har til oppgåve å drive fram koordinering og synkronisering av det nasjonale personvernarbeidet i EU/EØS-landa med utgangspunkt i personverndirektivet. Dei nordiske representantane koordinerer ofte synspunkta sine før møta i Artikkel 29-gruppa. Annakvart år møtest i tillegg leiinga i dei nordiske datatilsyna til eit nordisk datatilsynssjefmøte, der dei drøftar saker av felles interesse. Det vert i tillegg arrangert årlege møte på saksbehandlarnivå for juristar. Det same gjeld for teknologane. Desse møta er arenaer for erfaringsutveksling og for å utvikle gode samarbeidsrelasjonar mellom personvernmyndigheitene i dei nordiske landa.

Statsbygg deltek i eit samarbeid mellom dei ulike statlege byggherrane og eigedomsforvaltarane i Norden. Tema som har vore drøfta den seinare tida, er mellom anna organisering av den statlege bygge- og eigedomsverksemda, bruk av

byggningsinformasjonsmodellar (BIM) og utvikling av internasjonale standardar for desse, uvissestyring, forvaltning av kulturhistoriske eigedommar og kulturmiljø og universell utforming.

I tillegg er det oppretta ei nordisk arbeidsgruppe som skal samarbeide om energispørsmål og energibruk.

Det er òg etablert eit eige nordisk kontaktutval for utanlandseigedommar i nært samarbeid med utanrikstenesta i dei nordiske landa. I dette kontaktutvalet vert det utveksla erfaringar med bygging og forvaltning av utanlandseigedommane, mellom anna eventuell samlokalisering av ambassadar for dei nordiske landa, tryggleik, miljø- og energispørsmål, etikk og anna.

5.15 Barn og ungdom

Nordisk ministerråds strategi for barn og unge i Norden frå 2010 er retningsgjevande for den samla aktiviteten ministerrådet driv overfor barn og unge. Med bakgrunn i strategien utarbeider Nordisk barne- og ungdomskomiteé (NORDBUK) ein handlingsplan. I NORDBUKs handlingsplan for perioden 2010–2013 vil m.a. innsatsen for å styrkje samarbeidet på tvers av sektorane og å inkludere globaliseringsperspektivet stå sentralt. NORDBUK rapporterer til dei nordiske samarbeidsministrane om arbeidet i dei ulike sektorane. NORDBUK arbeider i hovudsak med å leggje til rette for eigenorganisering og nordisk samarbeid blant unge, stimulere til nye metodar for unges deltaking og innverknad i demokratiske prosessar, kulturelt mangfald, menneskerettar, internasjonalt samarbeid og koordinering av barne- og ungdomsforskning. NORDBUK har ei støtteordning for ungdomsarbeid retta mot organisasjonar og ungdomsmiljø. Målet med denne ordninga er å styrkje barn og unges deltaking i aktivitetar som dreier seg om kulturelle, politiske og sosiale spørsmål i Norden.

Dei nordiske landa samarbeider om å handtere internasjonale barnebortføringar. Årleg blir det halde uformelle samarbeidsmøte mellom representantar for dei nordiske landa for å diskutere både generelle problemstillingar og konkrete saker.

5.16 Frivillig sektor

Frivilligheit for alle er den overordna visjonen for frivilligpolitikken til regjeringa. Regjeringa støttar aktivt opp under utviklinga av eit levande sivil-

samfunn gjennom eit nært samarbeid med frivillige organisasjonar og ved å støtte og leggje til rette for frivillig engasjement. Forskingsresultat viser ein livskraftig og dynamisk frivillig sektor som held seg i toppen i internasjonal samanheng. Forsking viser at det skjer ei rekkje endringar i frivillig sektor, både i omfang, form og innhald. Frivillig arbeid på kultur- og fritidsfeltet utgjør tyngdepunktet i sektoren. Forsking er eit prioritert område i frivilligpolitikken til regjeringa. Forskingsprogrammet «Virtuelt senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor» er finansiert av Kulturdepartementet i samarbeid med andre departement. Behovet for kunnskap om frivillig sektor og sivilsamfunnet er framleis stort. Ein nordisk forskarkonferanse i Bergen i mai i år hadde fokus på frivilligpolitikken i dei nordiske landa. I konferansen inngjekk ein open brukarkonferanse for representantar for frivillig sektor, offentleg tilsette og politikarar. Tema for konferansen var forskjellar og endringar i frivilligpolitikken i dei skandinaviske landa med vekt på samspel mellom dei ideelle frivillige organisasjonane og det offentlege.

5.17 Forbrukarpolitikk

I samband med at ministerrådet for forbrukarspørsmål blei nedlagt frå 1. januar 2006, vedtok forbrukarministrane å vidareføre samarbeidet på uformelt plan og å etablere embetsmannsgruppa for nordisk samarbeid på forbrukarområdet (NordKons), samansett av medlemmane i det tidlegare EK-Konsument.

Samarbeidet i NordKons er avgrensa til informasjons- og erfaringsutveksling. Dei nordiske forbrukarministrane fastsette i 2010 eit samarbeidsprogram for det uformelle samarbeidet på forbrukarområdet for perioden 2011–2013. Elles deltok Noreg i eit samarbeid mellom nordiske land og Estland om å gjennomføre eit måldokument for forbrukarundervisning (ferdig utarbeidd i oktober 2009), og i eit arbeid for å fremje nettverksbygging og relevant prosjektarbeid mellom aktørar i Norden som er opptekne av forbrukarspørsmål.

5.18 Samferdsel

Etter at den nye ministerrådsstrukturen tok til å gjelde 1. januar 2006, er transportsektoren ikkje lenger med i det formaliserte nordiske regjeringssamarbeidet. På det nordiske transportminister-

møtet i Vejle i august 2005 blei det vedteke at transportsamarbeidet skulle halde fram utanfor ramma av Nordisk ministerråd. Det var brei semje om at eit samarbeid framleis er viktig for å diskutere aktuelle transportpolitiske problemstillingar og for å ta vare på det gode nettverket som er etablert mellom dei nordiske landa.

Det nordiske regjeringssamarbeidet i transportsektoren legg vekt på å fremje effektiv, konkurransekraftig, sikker og miljøvennleg transport og trafikk i Norden og nærområda. Det er særleg fokus på område der landa har felles problemstillingar.

I tillegg er det lagt vekt på at samarbeidet skal fremje den politiske debatten og vere eit forum for erfaringsutveksling. Samarbeidet har medverka til ei positiv utvikling i dei nordiske landa.

EØS-spørsmål har fått stadig større merksemd, og samarbeidet har mellom anna teke sikte på å påverke transportpolitikken i EU i retning av Den nordlege dimensjonen. Dei seinare åra har det vore lagt vekt på auka samarbeid med dei baltiske landa. Innanfor ramma av den noverande samarbeidsmodellen skal det haldast eitt møte i året mellom dei nordisk-baltiske transportministrane. Ordninga dei seinare åra der dei nordiske transportministrane møtest før rådsmøta i EU, blir vidareført.

Samferdselsdepartementet samarbeider med svenske myndigheiter om kjøp av tre grensekryssande togtilbod: på Meråkerbanen, på Ofotbanen og på strekninga Oslo–Karlstad– Stockholm. I august 2011 overtok den nye svenske organisasjonen Norrtåg ansvaret for kjøp av persontransporttilbod på Ofotbanen og Meråkerbanen frå Trafikverket.

Gjennom eit samarbeidsprosjekt mellom Samferdselsdepartementet i Noreg og Näringsdepartementet i Sverige er det etablert eit internasjonalt vegsamband frå vest i Noreg til aust i Sverige gjennom ei forlenging av eksisterande E16.

Statens vegvesen og Trafikverket i Sverige har no starta eit samarbeid om skilting av nye E16 og utgreiing av behov og løysingar for vidare utvikling av delar av ny E16 i grenseområdet mellom Noreg og Sverige.

5.19 Samar og nasjonale minoriteter

Ministrane med ansvar for samiske saker i Finland, Noreg og Sverige og sametingspresidentane i dei respektive landa etablerte i 2000 eit fast samarbeid for regelmessig orientering, drøfting og behandling av samiske spørsmål av felles inter-

esse. Målet med samarbeidet er å styrkje og utvikle språk, kultur, næringar og samfunnsliv hos det samiske folket. Samarbeidet har ei uformell, men nær tilknytning til Nordisk ministerråd.

Under det årlege fellesmøtet mellom sametingspresidentane og ministrane med ansvar for samiske saker vil ein drøfte saker som er viktige for det samiske samarbeidet over landegrensene. Nordisk samisk språkpris, Gollegiella, blir delt ut annakvart år. Prisen skal vere med og fremje, utvikle og bevare det samiske språket i Noreg, Sverige, Finland og Russland.

Arbeidet med ein nordisk samekonvensjon har vore organisert gjennom det nordiske samarbeidet om samiske saker. På fellesmøtet mellom sametingspresidentane og ministrane for samiske saker i Stockholm hausten 2010 ble det vedteke at ein skulle gå i gang med forhandlingar om ein nordisk samekonvensjon i 2011. Det første forhandlingsmøtet blei halde i Sverige i mars 2011. Den norske delegasjonen til forhandlingane har fem medlemmer. Leiar og to medlemmer er utnemnde av regjeringa, mens to medlemmer er utnemnde etter forslag frå Sametinget. Sametinget skal elles konsulterast under forhandlingane. Utkastet til ein nordisk samekonvensjon vil vere ramma om forhandlingane. Konvensjonsutkastet er utarbeidd av ei nordisk ekspertgruppe på bakgrunn av dei internasjonale instrumenta dei tre landa er bundne av, og tek utgangspunkt i at samane er urfolk i Finland, Sverige og Noreg.

Samisk parlamentarisk råd (SPR) er det parlamentariske samarbeidsorganet mellom sametinga i Finland, Noreg og Sverige. Samane i Russland har permanent deltaking i rådet. Regjeringa ser på rådet som eit viktig organ både for utviklinga av det nordiske samarbeidet og for eit styrkt samarbeid urfolk imellom og mellom urfolka og styresmaktene. Samekonferansen og Samerådet har spela ei viktig rolle i den samepolitiske utviklinga sidan dei blei oppretta etter andre verdskrigen, og er framleis svært viktige. Samerådet er samansett av samiske hovudorganisasjonar i Finland, Noreg, Sverige og Russland som møtest til Samekonferansen fjerdekvart år.

Nordisk arbeidsgruppe for nasjonale minoriteter blei oppretta på embetsmannsnivå mellom dei departementa i Sverige, Finland og Noreg som har ansvaret for gjennomføringa av Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar og Europarådspakta for region- og minoritetspråk. Arbeidsgruppa er eit viktig forum for å førebu rapporteringa til Europarådet om gjennomføringa. Gruppa møtest éin gong i året. I 2008 tok Noreg initiativ til ein samanliknande studie av

gjennomføringa av rammekonvensjonen og språkpakta i dei tre landa. Studien blei gjennomført av Senter for menneskerettigheter i Oslo og blei presentert på møtet i arbeidsgruppa i Oslo 12. mai 2011.

Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet 21. oktober 2011 om Nordisk samarbeid vert send Stortinget.

Vedlegg 1**Samanstilling av budsjetta for 2012¹ og 2011
(2011-prisar, i tusen danske kroner)**

	Budsjett 2012	Budsjett 2011	Endr.
Kultur	166 751	166 751	0,0 %
Fiskeri, jord, skog og næringsmiddel	38 533	36 733	4,9 %
Likestilling	8 644	8 644	0,0 %
Utdanning, forskning	227 642	227 642	0,0 %
Sosialpolitikk	37 741	37 741	0,0 %
Næring, energi og regional politikk	116 272	116 272	0,0 %
Miljø	43 797	43 797	0,0 %
Arbeidsliv	13 238	13 238	0,0 %
Finanspolitikk	1 790	1 790	0,0 %
Lov	1 368	1 368	0,0 %
Nabopolitikk	93 215	93 215	0,0 %
NMRS	77 119	77 119	0,0 %
NMRs fellesaktiviteter	36 186	37 986	-4,7 %
Globaliseringsinitiativ	72 420	72 420	0,0 %
Totalt	934 716	934 716	0,0 %

¹ Generalsekretærens forslag per 1. juni 2011.

Vedlegg 2**Nordisk samarbeid. Nettstader**

Nordisk Ministerråd	<i>www.norden.org</i>
Nordisk Råd	<i>www.norden.org</i>
Nordisk internettportal om trygdeytelser i Norden	<i>www.nordsoc.org/sv/</i>
Nordisk skatteportal	<i>www.Nordisketax.net</i>
Grensetjenesten – Morokulien	<i>www.grensetjenesten.no</i>
Hallo Norden (Nordisk Ministerråds informasjonstjeneste)	<i>www.norden.org</i>
Europaportalen	<i>www.regjeringen.no</i>
Nordiske grensehindre	<i>www.norden.org</i>

Vedlegg 3**Forkortingsregister**

BEG	Budgetexpertgruppen
EK-A	Embedsmandskomitéen for Arbejdsliv
EK-FINANS	Embedsmandskomitéen for Økonomi- og Finanspolitik
EK-FJLS	Embedsmandskomitéen for Fiskeri og Havbrug, Jordbrug, Levnedsmidler og Skovbrug
EK-JÄM	Embedsmandskomitéen for Ligestilling
EK-K	Embedsmandskomitéen for Kultur
EK-LOV	Embedsmandskomitéen for Lovsamarbejde
EK-M	Embedsmandskomitéen for Miljø
EK-NER	Embedsmandskomitéen for Erhvervs- og Energipolitik
EK-R	Embedsmandskomitéen for Regionalpolitik
EK-S	Embedsmandskomitéen for Social- og Helsepolitik
EK-U	Embedsmandskomitéen for Uddannelse og Forskning
ENS	Ekspertgruppem Nordens språkråd
FNF	Foreningerne Nordens Forbund
HØGUT	Styregruppen for nordisk samarbejde indenfor højere uddannelse
LOP	Lønns- og personalutvalget
MR-A	Ministerrådet for Arbejdsliv
MR-FINANS	Ministerrådet for Økonomi- og Finanspolitik
MR-FJLS	Ministerrådet for Fiskeri og Havbrug, Jordbrug, Levnedsmidler og Skovbrug
MR-JÄM	Ministerrådet for Ligestilling
MR-K	Ministerrådet for Kultur
MR-LAG	Ministerrådet for Lovsamarbejde
MR-M	Ministerrådet for Miljø
MR-NER	Ministerrådet for Erhvervs, Energi- og Regionalpolitik
MR-S	Ministerrådet för Social- og Helsepolitik
MR-U	Ministerrådet for Uddannelse og Forskning
MR-SAM	Samarbejdsministrene
NAB	Nordiska rådgivande nämnden för energiinformation
NAD	Nordiska nämnden för alkohol- och drogforskning

NAF	Nordisk Arbeidsgruppe for Fiskeriforskning
NAI	Nordiska Afrikainstitutet
NAPA	Nordens Institut i Grønland
NAR	Nordisk amatørteaterråd
NDF	Nordiska Utvecklingsfonden
NEFCO	Nordic Environment Finance Cooperation (Nordiska miljøfinansieringsbolaget)
NEFP	Nordisk Energiforskning
NFS	Nordens Fackliga Samorganisation
NFTF	Nordisk Film- og TV-fond
NGB	Nordiska Genbanken
NGH	Nordisk Genbank Husdyr
NHR	Nordisk Handikappolitisk Råd
NHFØ	Nordens Hus på Færøerne
NHV	Nordiska högskolan för folkhälsovetenskap
NIAS	Nordisk Institut for Asienstudier
NIB	Nordiska Investeringsbanken
NICe	Nordisk InnovationsCenter
NIFCA	Nordiska institutet för samtidskonst
NIFIN	Nordens Institut i Finland
NIFS	Nordisk institutt for sjørett
NIKK	Nordisk institutt for kunnskap om kjønn
NIOM	Nordisk institutt for odontologiske materialer
NIPÅ	Nordens institut på Åland
NIVA	Nordiska institutionen för vidareutbildning inom arbetsmiljøområdet
NKB	Nordisk kommitté för bioetik
NKF	Nordiska Konstförbundet
NKJ	Nordiskt Kontaktorgan för Jordbruksforskning
NKR	Nordkalottrådet
NKS	Nordisk kontakt om statsbyggeri
NKV	Nordisk kollegium for viltforskning
NMF	Nordiska Miljøudviklingsfonden
NMKL	Nordisk metodikkomité for næringsmidler
NMR	Nordisk Ministerråd
NOMESKO	Nordisk medicinalstatistikkomite
NOMUS	Nordiska Musikkommittén
NOPEF	Nordiska Projektexportfonden

NOP-HS	Nordiska publiceringskommittén för humanistiska och samhällsvetenskapliga – tidskrifter
NOPUS	Nordiska utbildningsprogrammet för utveckling av social service
NOR	Nordisk organ for reinforskning
NORA	Nordisk atlantsamarbejde
NORDA	Nordiskt samarbete om teknisk akkreditering
NORDBUK	Nordisk Barn- og Ungdomskomite
NORDEX	Nordisk samarbeidskomite for offentlig tilsyn med brannfarlige og eksplosive varer
NORDFORSK	Nordisk forskningsråd
NORDICOM	Nordiskt informationscenter för medie- och kommunikationsforskning
NORDITA	Nordisk institut for teoretisk fysik
NORDKONS	Nordiskt konsumentsamarbejde
NORDREGIO	Nordic Centre for Spatial Development
NORDVULK	Nordisk vulkanologisk institut
NOREY	Nordens Hus i Reykjavik
NORMET	Samarbetsforum för nordisk metrologi (mätteknik)
NOS-HS	Nordiska samarbetsnämnden för humanistisk och samhällsvetenskaplig forskning
NOS-M	Nordiska samarbetsnämnden för medicinsk forskning
NOS-N	Nordisk samarbeidsnemnd for naturvitenskap
NOSOSKO	Nordisk socialstatistikkomite
NR	Nordisk Råd
NSfK	Nordisk samarbejdsråd for Kriminologi
NSFP	Nordisk Skovbrugs Frø- og Planteråd
NSH	Nordiska samarbetsorganet för handikappfrågor
NSHF	Nordisk samrådsgruppe på højt niveau for flygtningespørgsmål
NSI	Nordisk samisk institutt
NSK	Nordiska samarbetskommittén
NSS	Nordisk samarbeid innenfor skoleområdet
NSS	Nordiska kommittén för samordning av elektriska säkerhetsfrågor
NSU	Nordisk Sommeruniversitet
NTR	Nordiska träskyddsrådet
NTR	Nordiska tulladministrativa rådet
NUD	Nordisk Uddannelsescenter for Døvblindepersonale
NVC	Nordens Velferdssenter
NVL	Nordisk nettverk for voksenes læring
NUD	Nordisk Uddannelsescenter for Døvblindepersonale

NUK	Nordiska ungdomskommittén
ODIN	Nordisk skolenet
SLEIPNIR	Rejsestipendieordning for unge kunstnere i Norden under 36 år
SNEIL	Sekretariatet för de nordiska energiinformationsbiblioteken
SNS	SamNordisk Skogsforskning
VALHALLA	Nordisk nettverk for børne- og ungdomskultur

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 22 24 20 00

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Fagbokforlaget
Postboks 6050, Postterminalen
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Faks: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringa.no

Omslagsillustrasjon: Berit Roald/Scanpix

Trykk: 07 Xpress 10/2011

